



DET KONGELEGE
JUSTIS- OG POLITIDEPARTEMENT

Ot.prp. nr. 3

(2003–2004)

Om lov om endringer i lov 17. desember 1976 nr. 100 om renter ved forsinket betaling m.m. (gjennomføring av direktiv 2000/35/EF av 29. juni 2000 om kamp mot forseinkta betaling i handelshøve)

Innhald

1	Hovudinnhaldet i proposisjonen ..	5			
			5.5	Departementet sitt syn no	23
			5.5.1	Utanrettsleg innkrevjing	23
2	Bakgrunnen for lovforslaga	6	5.5.2	Rettsleg innkrevjing	24
2.1	Direktivet om forseinka betaling	6			
2.2	Hovudpunkta i høyringsnotatet	6			
2.3	Høyringa	6			
3	Kort om direktivet	9	6	Grovt urimelege avtalar	26
3.1	Føremål og definisjonar	9	6.1	Avvikande avtalar i forhold til reglane i direktivet	26
3.2	Hovudinnhaldet i direktivet	9	6.1.1	Direktivet artikkel 3 nr. 3	26
			6.1.2	Gjeldande rett	26
			6.1.3	Høyringsnotatet	26
			6.1.4	Høyringsinstansane sitt syn og departementet sitt syn no	26
4	Kreditor sitt krav på renter ved forseinka betaling	11	6.2	Verkemiddel for å få omgjort grovt urimelege vilkår	26
4.1	Frå kva tidspunkt skal ein rekne forseinkingsrenter?	11	6.2.1	Direktivet artikkel 3 nr. 4 og 5	26
4.1.1	Reglane i direktivet	11	6.2.2	Gjeldande rett og høyringsnotatet	27
4.1.2	Gjeldande rett	11	6.2.3	Høyringsinstansane sitt syn og departementet sitt syn no	27
4.1.3	Høyringsnotatet	11	6.3	Nærare om organisasjonar sin søksmålskompetanse	27
4.1.4	Høyringsinstansane sitt syn	12	6.3.1	Direktivet artikkel 3 nr. 5	27
4.1.5	Departementet sitt syn no	13	6.3.2	Gjeldande rett	27
4.2	Høve til å fastsetje at betalingsfristen skal vere inntil 60 dagar	13	6.3.3	Høyringsnotatet	28
4.2.1	Reglane i direktivet	13	6.3.4	Høyringsinstansane sitt syn	29
4.2.2	Høyringsnotatet	13	6.3.5	Departementet sitt syn no	31
4.2.3	Høyringsinstansane sitt syn og departementet sitt syn no	13	6.3.5.1	Spørsmålet om organisasjonar i det heile tatt skal få søksmålskompetanse i desse tilfella	31
4.3	Rentesatsen	14	6.3.5.2	Kva organisasjonar skal kunne gå til søksmål?	31
4.3.1	Reglane i direktivet	14	6.3.5.3	Spørsmål om dommen bør kunne ha utvida rettskraft	32
4.3.2	Gjeldande rett	14			
4.3.3	Høyringsnotatet	14			
4.3.4	Høyringsinstansane sitt syn	15			
4.3.5	Departementet sitt syn no	16			
5	Kreditor sitt krav på erstatning for innkrevjingskostnader	18	7	Eigedomssatterhald	33
5.1	Reglane i direktivet	18	7.1	Direktivet artikkel 4	33
5.2	Gjeldande rett	18	7.2	Gjeldande rett	33
5.2.1	Utanrettsleg innkrevjing	18	7.3	Høyringsnotatet	33
5.2.2	Rettsleg innkrevjing	19	7.4	Høyringsinstansane sitt syn og departementet sitt syn no	33
5.3	Høyringsnotatet	19			
5.3.1	Utanrettsleg innkrevjing	19	8	Inndrivning av uomtvista krav	34
5.3.2	Rettsleg innkrevjing	20	8.1	Direktivet artikkel 5	34
5.4	Høyringsinstansane sitt syn	20	8.2	Gjeldande rett	34
5.4.1	Utanrettsleg inndrivning	20			
5.4.2	Rettsleg inndrivning	22			

8.3	Departementet sitt syn i høyringsnotatet	34	Forslag til lov om endringar i lov 17. desember 1976 nr. 100 om renter ved forsinket betaling m.m. (gjennomføring av direktiv 2000/35/EF av 29. juni 2000 om kamp mot forseinka betaling i handelshøve)	40
8.4	Høyringsinstansane sitt syn og departementet sitt syn no	34		
9	Økonomiske og administrative konsekvensar	36	Vedlegg	
10	Merknader til lovutkastet	38	1 Europaparlaments- og rådsdirektiv 2000/35/EF av 29. juni 2000 om bekjempelse av forsinket betaling ved handelstransaksjoner	41
10.1	Merknader til endringar i forseinkingsrentelova	38		
10.2	Til lovforslaget del II	38		



DET KONGELEGE
JUSTIS- OG POLITIDEPARTEMENT

Ot.prp. nr. 3

(2003–2004)

Om lov om endringar i lov 17. desember 1976
nr. 100 om renter ved forsinket betaling m.m.
(gjennomføring av direktiv 2000/35/EF av
29. juni 2000 om kamp mot forseinka
betaling i handelshøve)

*Tilråding frå Justis- og politidepartementet av 3. oktober 2003,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Bondevik II)*

1 Hovudinnhaldet i proposisjonen

Departementet foreslår i proposisjonen her å følgje opp EU-direktivet om tiltak mot forseinka betaling i handelshøve, som har blitt innlemma i EØS-avtalen. Det blir difor gjort framlegg om enkelte endringar i forseinkingsrentelova, slik at norsk rett kjem i samsvar med direktivet.

Departementet foreslår på denne bakgrunnen at månadsfristen i forseinkingsrentelova § 2 første ledd andre punktum vert endra til ein 30 dagars frist. Vidare blir det foreslått endringar i måten å

fastsetje forseinkingsrentesatsen på, og kompetansen til å fastsetje rentesatsen vert foreslått delegert til departementet. Endeleg blir det gjort framlegg om ein ny paragraf i forseinkingsrentelova, som lovfestar ein rett for organisasjonar som representerer små og mellomstore verksemder til å fremje søksmål for å prøve om standardavtalar om betalingstid eller konsekvensane av forseinka betaling er urimelege for verksemdene.

Om lov om endringer i lov 17. desember 1976 nr. 100 om renter ved forsinket betaling m.m.
(gjennomføring av direktiv 2000/35/EF av 29. juni 2000 om kamp mot forseinket betaling i handelshøve)

2 Bakgrunnen for lovforslaga

2.1 Direktivet om forseinka betaling

Ulike undersøkingar har vist at forseinka betaling er eit stort problem for verksemdar i Europa, særleg for små og mellomstore verksemdar. Dette er bakgrunnen for at det er vedtatt eit EU-direktiv om tiltak mot forseinka betaling i handelshøve (Europaparlaments- og rådsdirektiv 2000/35/EF av 29. juni 2000), nedanfor kalla direktivet om forseinka betaling eller berre direktivet. Direktivet har som føremål å innføre likare reglar om forseinka betaling i handelshøve innanfor EU-området og gjennom dette medverke til at betalingsmoralen blir betre.

EFTA-landa si vurdering var at direktivet fell utanfor EØS-avtalen sitt verkeområde slik EØS-avtalen er i dag. Spørsmålet om direktivet likevel burde innlemmast i EØS-avtalen på frivillig grunnlag vart sendt på høyring av Justisdepartementet 9. februar 2001. Høyringsinstansane var i hovudsak positive til gjennomføring av direktivet, som no er foreslått innlemma i avtalen, jf. EØS-komiteens beslutning nr. 48/2003 og St.prp. nr. 80 (2002–2003). I St.prp. nr. 80 (2002–2003), vart Stortinget invitert til å gjø sitt samtykke til EØS-komiteens avgjerd.

Den opphavlege gjennomføringsfristen for direktivet var 8. august 2002, men det går fram av avgjerda i EØS-komiteen at EFTA-statane sin gjennomføringsfrist er 31. desember 2003. I og med at den opphavlege fristen er utløpt, skal EU-landa allereie ha gjennomført direktivet. Justisdepartementet er kjent med at i alle fall Danmark, Finland og Sverige har gjort dette. I Danmark vart det fremja forslag om lovendringar på bakgrunn av direktivet i Lovforslag til Folketinget nr. 74 (2001–2002), vedtatt som lov nr. 379 av 6. juni 2002. I Sverige vart det fremja forslag om lovendringar i proposisjon 2001/02:132, vedtatt som lover 2002: 352–358 av 23. mai 2002.

2.2 Hovudpunkta i høyringsnotatet

Departementet la i høyringsnotatet til grunn at gjeldande rett stort sett er i samsvar med direktivet, men at det likevel er naudsynt med nokre mindre justeringar i norsk rett. Departementet foreslo difor

at månadsfristen i forseinkingsrentelova § 2 første ledd andre punktum vert endra til ein 30 dagars frist. Vidare vart det foreslått endringar i måten å fastsetje forseinkingsrentesatsen på, slik at rentesatsen vert fastsett i samsvar med krava i direktivet. Dessutan vart det gjort framlegg om ein ny § 4 a i forseinkingsrentelova, for å lovfeste ein rett for organisasjonar som representerer små og mellomstore verksemdar til å gå til søksmål for å prøve spørsmålet om standardavtalar om betalingstid eller konsekvensane av forseinka betaling er urimelege for verksemdene.

2.3 Høyringa

Justisdepartementet sendte 10. mars 2003 forslaga om endringar i forseinkingsrentelova på høyring til følgjande institusjonar og organisasjonar:

Departementa
Domstoladministrasjonen
Forbrukarrådet
Forbrukarombodet
Husbanken
Kommunalbanken AS
Konkurransetilsynet
Kredittilsynet
Noregs Bank
Postbanken
Regjeringsadvokaten
Riksrevisjonen
Skattedirektoratet
Statens nærings- og distriktsutviklingsfond
Statens Innkrevjingssentral
Toll- og avgiftsdirektoratet
Verdipapirsentralen
ØKOKRIM
Bergen kommune
Oslo kommune
Stavanger kommune
Trondheim kommune
Tromsø kommune
Arbeidsgiverforeningen for Skip og Offshorefartøyer
Bankklagenemnda
COOP NKL BA
Debitorforeningen

Om lov om endringar i lov 17. desember 1976 nr. 100 om renter ved forsinket betaling m.m.
(gjennomføring av direktiv 2000/35/EF av 29. juni 2000 om kamp mot forseinka betaling i handelshøve)

De selvstendige kommunale pensjonskasser	Høyringsfristen vart sett til 10. juni 2003. Følgjande instansar har gjeve melding om at dei ikkje vil komme med fråsegn i saka, at dei ikkje har merknader til høyringsbrevet, eller at dei støttar framlegga utan merknader:
Den Norske Advokatforening	Arbeids- og administrasjonsdepartementet
Den norske Aktuarforening	Barne- og familiedepartementet
Den norske Dommerforening	Fiskeridepartementet
Den norske Revisorforening	Forsvarsdepartementet
Det juridiske fakultet, Universitetet i Bergen	Helsedepartementet
Det juridiske fakultet, Universitetet i Oslo	Kommunal- og regionaldepartementet
Det juridiske fakultet, Universitetet i Tromsø	Landbruksdepartementet
Europabevegelsen	Samferdselsdepartementet
Finansieringsselskapenes Forening	Utdannings- og forskningsdepartementet
Finansforbundet	Domstolsadministrasjonen
Finansnæringens Hovedorganisasjon	Forbrukarrådet
Handels- og Servicenæringens Hovedorganisasjon	Husbanken
Handelsbanken Liv	Konkurransetilsynet
Handelshøyskolen BI	Regjeringsadvokaten
Kommunenes Sentralforbund	Statens Innkrevjingssentral
Kreditorforeningen i Oslo	COOP NKL BA
Kredittforetakenes Forening	Den norske Revisorforening
Landsorganisasjonen i Norge	De selvstendige kommunale pensjonskasser
Maskinentreprenørenes Forbund	Finansieringsselskapenes Forening
Nei til EU	Finansnæringens Hovedorganisasjon
NKK – Forbund for kommunal økonomi, forvaltning og skatteinnfordring	Handelshøyskolen BI
Norges Autoriserte Regnskapsføreres Forening	Kommunenes Sentralforbund
Norges Bilbransjeforbund	Landsorganisasjonen i Norge
Norges Bondelag	Norges Eiendomsmeglerforbund
Norges Eiendomsmeglerforbund	Norsk Bonde- og Småbrukarlag
Norges Fiskarlag	Sjøassurandørernes Centralforening (CEFOR)
Norges Fondsmeglerforbund	
Norges Handelshøyskole	Følgjande instansar har merknader til forslaga:
Norges Huseierforbund	Finansdepartementet
Norges Juristforbund	Nærings- og handelsdepartementet
Norges Kreditorforbund	Utanriksdepartementet
Norges Lastebileierforbund	Forbrukarombodet
Norges Rederiforbund	Kredittilsynet
Norsk Bonde- og Småbrukerlag	Toll- og avgiftsdirektoratet
Norske Boligbyggelags Landsforbund	Juss-Buss
Norske Finansanalytikerens Forening	Noregs Bank
Norske Forsikringsmeglerens Forening	Oslo kommune
Norske Inkassobyråers Forening	Den norske Advokatforening
Norske Kredittopplysningsbyråers Forening	Den norske Dommerforenings utvalg for obligasjonsrett, selskapsrett og avtalerett
Norske Pensjonskassers Forening	Handels- og Servicenæringens Hovedorganisasjon
Norske Siviløkonomers forening	Maskinentreprenørenes Forbund
NTL-Skatt	Norges Autoriserte Regnskapsføreres Forening
Næringslivets Hovedorganisasjon	Norges Bilbransjeforbund
Oslo Børs	Norges Fondsmeglerforbund
Rettspolitisk forening	Norske Inkassobyråers Forening
Sjøassurandørenes Centralforening (CEFOR)	
Skattefogdenes Landsforening	
Skatterevisorenes Forening	
Sparebank 1 Livsforsikring	
Sparebankforeningen i Norge (Sparebankforeningen)	
Verdipapirfondenes forening	Gjennomgåande gjev også desse høyringsinstansane støtte til departementet sine framlegg om lovendringar. <i>Norges Fondsmeglerforbund</i> uttrykkjer
Yrkesorganisasjonenes Sentralforbund	

Om lov om endringer i lov 17. desember 1976 nr. 100 om renter ved forsinket betaling m.m.
(gjennomføring av direktiv 2000/35/EF av 29. juni 2000 om kamp mot forseinket betaling i handelshøve)

såleis generell semje, og seier at det«ser det som positivt at departementet ikke legger opptil større endringer lovverket og gjeldende rett enn det som synes (strengt) nødvendig i forhold til det aktuelle direktiv». *Handels- og Servicenæringens Hovedorganisasjon* seier seg tilfreds med at direktivet skal innlemmast i norsk rett sjølv om det fell utanfor EØS-avtalen, og grunngeve dette med at ei harmonise-

ring av reglane vil ha stor verdi for handelen over landegrensene.

Norges Autoriserte Regnskapsføreres Forening gjev uttrykkeleg støtte til Justisdepartementet si vurdering om at norsk rett i hovudsak er i samsvar med direktivet.

Høyingsinstansane sine syn vil bli tatt opp nærare i tilknytning til dei enkelte forslag, jf. nedanfor.

3 Kort om direktivet

3.1 Føremål og definisjonar

Direktivet om forseinka betaling inneheld ei rekkje reglar som har til føremål å styrkje kreditorane si rettsstilling ved forseinka betaling i handelshøve. Direktivet trekkjer opp ei rettsleg ramme for å hindre forseinka betaling og for å sikre passende kompensasjon der dette likevel skjer. Det er også gitt visse reglar om innkrevjing av gjeld for å sikre at innkrevjinga vert effektiv og rimeleg.

Det følgjer av artikkel 1 at direktivet berre gjeld for betalningar som vert gjort som vederlag for *handelstransaksjonar* («commercial transactions»). Med handelstransaksjonar meiner ein forretningsmessige transaksjonar mellom verksemder eller mellom verksemder og det offentlege, som inneber levering av varer eller tenester mot vederlag («delivery of goods or the provision of services for remuneration»), jf. artikkel 2 nr. 1. Same stad er omgrepet «virksomhet» definert som eikvar eining som handlar som ledd i sjølvstendig økonomisk eller ervervsmessig aktivitet, uavhengig av om den berre vert utøva av ein einskild person, jf. òg fortalen punkt 22.

Direktivet gjeld altså *ikkje forbrukarforhold*. Dette er uttrykkeleg sagt i fortalen punkt 13, der det også er presisert at direktivet heller ikkje gjeld for renter i samband med andre betalningar, til dømes betalningar etter lovgivinga om sjekkar og vekslar eller betaling som kompensasjon for skader, inkludert betalningar frå forsikringsselskap.

Artikkel 2 nr. 2 definerer kva som er å rekne som forseinka betaling. Dette er overskriding av den betalingstida som følgjer av avtale eller lov.

Vidare er eigedomsatterhald definert i artikkel 2 nr. 3 og referanserente i artikkel 2 nr. 4. Tvangsfullbyrdingsgrunnlag er definert i artikkel 2 nr. 5.

Direktivet er eit minimumsdirektiv i den forstand at medlemsstatane kan oppretthalde eller fastsetje reglar som er gunstigare for kreditor enn det som følgjer av direktivet, jf. artikkel 6 nr. 2.

3.2 Hovudinnhaldet i direktivet

Etter artikkel 3 nr. 1 bokstav a skal skuldnaren betale forseinkingsrenter til kreditor frå dagen etter

siste rettidige betalingstidspunkt fastsett i avtalen. Dersom det ikkje er avtalt betalingsfrist, skal skuldnaren betale forseinkingsrenter frå eit bestemt tidspunkt, som varierer noko ut frå dei faktiske omstenda, jf. artikkel 3 nr. 1 bokstav b. Dersom kreditor sjølv er skuld i at skuldnaren ikkje betaler i tide, kan kreditor ikkje krevje forseinkingsrenter, jf. artikkel 3 nr. 1 bokstav c.

Etter artikkel 3 nr. 1 bokstav d skal storleiken på forseinkingsrentene, i stadar som ikkje tek del i det tredje stadiet av Den økonomiske og monetære union, fastsetjast på grunnlag av summen av den nasjonale sentralbanken si pengepolitiske styringsrente (referanserenta) tillagt minst sju prosentpoeng, dersom ikkje anna følgjer av avtalen. Den referanserenta som gjeld på sentralbanken sin første kontordag i det aktuelle halvåret, skal gjelde i dei etterfølgjande seks månadane.

Kreditor skal også ha rett til å krevje erstatning for rimelege inkassokostnader, jf. artikkel 3 nr. 1 bokstav e. Statane kan fastsetje maksimalbeløp som kan krevjast for forskjellige gjeldsnivå.

I artikkel 3 nr. 2 er statane gitt høve til å fastsetje særskilde reglar for enkelte kategoriar av avtalar.

Direktivet stiller i artikkel 3 nr. 3 krav om at statane skal ha føresegner om at betalingsfristar eller følgjer av forseinka betaling som ikkje er i samsvar med reglane i direktivet, enten ikkje er bindande eller gir rett til erstatning dersom ein etter ei totalvurdering kjem til at avtalen er klart urimeleg overfor kreditor.

Det må vidare finnast effektive verkemiddel som kan bringe bruken av klart urimelege avtalevilkår til opphøyr, jf. artikkel 3 nr. 4. Slike verkemiddel må etter artikkel 3 nr. 5 innehalde føresegner om at organisasjonar som er offisielt godkjende som representantar for små og mellomstore verksemder eller som har rettsleg interesse i å representere slike verksemder, skal ha rett til å bringe spørsmålet om standardavtalar om betalingstid eller konsekvensane av forseinka betaling er klart urimelege etter kriteria nemnt i artikkel 3 nr. 3, inn for domstolane eller kompetente administrative styresmakter.

Direktivet artikkel 4 gir nokre særlege føresegner om eigedomsatterhald.

Om lov om endringer i lov 17. desember 1976 nr. 100 om renter ved forsinket betaling m.m.
(gjennomføring av direktiv 2000/35/EF av 29. juni 2000 om kamp mot forseinka betaling i handelshøve)

Direktivet artikkel 5 stiller krav om at kreditor normalt skal kunne få tvangsgrunnlag innan 90 dagar etter å ha sett fram stemning eller oppmoding til retten eller anna kompetent styresmakt. Dette skal gjelde uavhengig av storleiken på gjelda så len-

ge gjelda eller forhold rundt innkrevjingsprosedyrane ikkje er omstridt. Direktivet gir nærare reglar om korleis ein skal rekne fristen på 90 dagar.

I artiklane 6, 7 og 8 er det gitt nærare føresegner om gjennomføring, iverksetjing og adressatar.

4 Kreditor sitt krav på renter ved forseinka betaling

4.1 Frå kva tidspunkt skal ein rekne forseinkingsrenter?

4.1.1 Reglane i direktivet

Direktivet artikkel 2 nr. 2, jf. artikkel 3 nr. 1 bokstav a viser at ein med direktivet ikkje har meint å gripe inn i avtalefridomen med tanke på betalingsfristar.

Dersom rettidig betalingstid ikkje er avtalt, fastsett direktivet kva for tidspunkt rentene startar å løpe, jf. artikkel 3 nr. 1 bokstav b. Det går uttrykkelig fram av direktivteksten at det ikkje skal vere naudsynt for kreditor å setje fram purring. Skjerings tidspunktet varierer ut frå dei faktiske omstenda:

Etter alternativ i) skal ein rekne forseinkingsrenter frå 30 dagar etter den dagen skuldnaren mottek fakturaen (eller ei tilsvarande betalingsoppmoding).

Etter alternativ ii) skal ein rekne renter frå 30 dagar etter den dagen skuldnaren har motteke varene eller tenestene, dersom det er usikkert når skuldnaren har motteke fakturaen (eller ei tilsvarande betalingsoppmoding).

Jamvel etter alternativ iii) skal ein rekne renter frå den dagen varene eller tenestene vert leverte dersom skuldnaren mottek faktura (eller ei tilsvarande betalingsoppmoding) på eit tidlegare tidspunkt.

Etter alternativ iv) skal ein rekne renter frå 30 dagar etter datoen for godkjenning eller kontroll, dersom det er avtalt eller fastsett i lovgjevinga at det skal gjennomførast ei godkjennings- eller kontrollprosedyre der det skal godkjennast eller kontrollerast om varene eller tenestene stemmer overens med avtalen, og skuldnaren mottek fakturaen (eller ei tilsvarande betalingsoppmoding) seinast same dag som kontrollen.

Det er for alle alternativa ein føresetnad at kreditor har oppfylt sine lovbestemte og avtalebestemte plikter, jf. artikkel 3 nr. 1 bokstav c punkt i), og at skuldnaren er ansvarleg for forseinkinga, jf. artikkel 3 nr. 1 bokstav c punkt ii).

4.1.2 Gjeldande rett

I norsk lovgiving er skuldnaren si renteplikt ved forseinka betaling heimla i lov 17. desember 1976

nr. 100 om renter ved forsinket betaling m.m. Forseinkingsrentelova er deklarasjonsrett (fråvikeleg) utanom forbrukarhøve, jf. §§ 1 og 4 bokstav c. Om ikkje anna er lovleg avtalt eller fastsett i eller i medhald av anna lovgiving, gjeld forseinkingsrentelova for alle pengekrav på formueretten sitt område, jf. § 1. Rundt om i særlovgivinga er det fleire stader vist til reglane i forseinkingsrentelova. Døme på dette finn ein m.a. i gjeldsbrevlova § 6, kjøpslova § 71 og finansavtalelova § 51.

Etter forseinkingsrentelova § 2 første ledd første punktum har ein krav på forseinkingsrenter når kravet ikkje vert innfridd ved forfall. Når forfallsdagen er fastsett på førehand, kan kreditor krevje forseinkingsrenter allereie frå forfallsdagen, jf. forseinkingsrentelova § 2 første ledd andre punktum første alternativ. Dersom forfallsdag ikkje er fastsett på førehand, kan ein krevje forseinkingsrenter frå ein månad etter at det er sendt skriftleg påkrav til skuldnaren med oppmoding om å betale, jf. § 2 første ledd andre punktum andre alternativ.

Ein føresetnad for at skuldnaren pliktar å betale forseinkingsrente, er at kreditor ikkje er skuld i forseinkinga, jf. forseinkingsrentelova § 2 andre ledd.

4.1.3 Høyringsnotatet

Justisdepartementet la i høyringsnotatet til grunn at forseinkingsrentelova § 2 stort sett oppfyller krava i direktivet, men at det likevel er naudsynt med enkelte endringar, jf. høyringsnotatet s. 7–9:

«Art. 3 nr. 1 bokstav a svarar til forseinkingsrentelova § 2 første ledd andre punktum første alternativ om forfall som er fastsett på førehand og krev ingen endringar i lova.

Art. 3 nr. 1 bokstav b har ingen direkte parallell i forseinkingsrentelova, men punkt i) svarar i all hovudsak til påkravsregelen i § 2 første ledd andre punktum andre alternativ.

Fristen i forseinkingsrentelova startar når kreditor har sendt betalingsoppmodinga, medan den etter direktivet art. 3 nr. 1 bokstav b punkt i) startar når skuldnaren «mottar» oppmodinga. Renteplikta vil såleis starte på eit tidlegare tidspunkt etter forseinkingsrentelova enn etter direktivet.

Etter direktivet art. 6 nr. 2 er det høve for statane å oppretthalde reglar som er gunstigare

Om lov om endringer i lov 17. desember 1976 nr. 100 om renter ved forsinket betaling m.m.
(gjennomføring av direktiv 2000/35/EF av 29. juni 2000 om kamp mot forseinka betaling i handelshøve)

for kreditor enn det som følgjer av reglane i direktivet. Etter departementet sitt syn er det difor ikkje nødvendig å endre forseinkingsrentelova på dette punktet.

Forseinkingsrentelova opererer med ein månadsfrist, medan direktivet har ein 30 dagars frist. Sidan 30 dagar ofte vil vere gunstigare for kreditor enn ein månad, vil det ikkje vere høve til å oppretthalde den norske regelen.

Når ein på grunn av direktivet må endre fristen til 30 dagar i næringshøve, blir det spørsmål om ein skal oppretthalde månadsfristen for andre tilfelle. Justisdepartementet meiner dette er lite tenleg, og foreslår difor at fristen vert endra til 30 dagar for alle tilfelle. Departementet foreslår på denne bakgrunn at forseinkingsrentelova § 2 første ledd andre punktum skal lyde slik:

«Renten løper fra forfallsdag når denne er fastsatt i forveien, og ellers fra 30 dager etter at fordringshaveren har sendt skyldneren skriftlig påkrav med oppfordring om å betale.»

Forseinkingsrentelova har ingen reglar som svarar til artikkel 3 nr. 1 bokstav b punkt ii) – iv). Det blir her gitt særskilte reglar for tilfelle der det er usikkert når faktura er mottatt (ii), når skuldnaren mottok faktura tidlegare enn varene eller tenestene (iii), og når det etter lov eller avtale skal skje ei godkjenning eller ein kontroll av varene eller tenestene (iv).

Etter Justisdepartementet sitt syn er det noko uklart korleis desse føresegnene er å forstå i forhold til utgangspunkta i artikkel 3 nr. 1 bokstav a og bokstav b alternativ i). Dette er ikkje nærare omtalt i fortalen, og vi har difor ikkje anna enn ordlyden i direktivteksten å ta utgangspunkt i.

Slik Justisdepartementet ser det, framstår alternativa ii) – iv) som presiseringar av utgangspunktet i alternativ i). Sidan direktivet er eit minimumsdirektiv, vil det likevel ikkje vere noko plikt for statane til å fastsetje slike uttrykkelege reglar dersom desse ikkje stiller kreditor i nokon gunstigare posisjon enn det som følgjer av staten sine reglar på dette feltet.

Spørsmålet blir difor om nokon av desse reglane kan stille kreditor i ein gunstigare posisjon enn det som er tilfellet etter reglane i forseinkingsrentelova.

Når det gjeld bokstav b alternativ ii) om tilfelle der det er usikkert når skuldnaren har mottatt faktura, er dette eit problem som kan oppstå i og med at direktivet som hovudregel legg til grunn mottak av faktura som starttidspunkt, noko som ofte kan vere vanskeleg å stadfeste.

Etter forseinkingsrentelova er det avgjerande når faktura er «sendt». Ved å sende faktura før eller samtidig med levering av varene eller tenestene, vil kreditor alltid kunne sikre seg

minst like godt som direktivet artikkel 3 nr. 1 bokstav b alternativ ii) legg opp til. Justisdepartementet ser det difor slik at reglane i forseinkingsrentelova oppfyller direktivet på dette punktet.

Bokstav b alternativ iii) gjeld den situasjonen at skuldnaren mottok faktura tidlegare enn varene eller tenestene. I ein slik situasjon vil skuldnaren etter norsk rett ikkje ha plikt til å betale før vedkomande får varene eller tenestene med mindre dette er eksplisitt avtalt. Dette følgjer av det alminnelege kontaktrettslege prinsipp om yting mot yting. Avhengig av korleis forfall er fastsett i fakturaen kan det tenkjast at kreditor vil vere tent med at fristen for forseinkingsrenter startar ved levering av varene eller tenestene, slik direktivet legg opp til. Men også her er det etter vårt syn eit sentralt poeng at kreditor sjølv kan stille seg i ein minst like gunstig posisjon som etter direktivet ved å sende faktura samtidig med levering av varene eller tenestene. Justisdepartementet vurderer det difor slik at reglane i rentelova oppfyller kravet i direktivet også på dette punktet.

Etter bokstav b alternativ iv) skal ein betale forseinkingsrenter frå 30 dagar etter datoen for kontroll eller godkjenning når skuldnaren mottok faktura tidlegare eller same dag som ein gjer kontrollen. Også her kan ein bli stilt minst like godt etter rentelova ved å sende faktura seinast same dag som kontrollen finn stad. Det skulle såleis heller ikkje vere behov for å endre norsk rett på dette punktet.

Art. 3 nr. 1 bokstav c om at kreditor må ha oppfylt sine avtalebestemte og lovbestemte plikter (punkt i)), og at betaling ikkje har skjedd til rett tid, med mindre debitor ikkje er ansvarleg for forseinkinga (punkt ii)), er etter departementet sitt syn oppfylt gjennom forseinkingsrentelova § 2 andre ledd om at det «ikke svares forsinkelsesrente dersom forsinkelsen er fremkalt ved forhold på fordringshaverens side».

På denne bakgrunnen la departementet til grunn at einaste naudsynte endring som følgje av direktivet artikkel 3 nr. 1 bokstav a til c er å endre fristen i forseinkingsrentelova § 2 første ledd andre punktum frå ein månad til 30 dagar. Det vart opplyst at same vurderingar er gjort i Sverige og Danmark, som har tilsvarande lovgiving som Noreg på dette punktet.

4.1.4 Høyringsinstansane sitt syn

Berre *Forbrukarombodet, Juss-Buss, Handels- og Servicenæringsens Hovedorganisasjon og Norske inkassobyråers forening (NIF)* har uttalt seg om desse spørsmåla. Alle gir støtte til framlegget i høyringsnotatet.

Om lov om endringar i lov 17. desember 1976 nr. 100 om renter ved forsinket betaling m.m.
(gjennomføring av direktiv 2000/35/EF av 29. juni 2000 om kamp mot forseinka betaling i handelshøve)

Forbrukarombodet peikar på at det frå forbrukarane si side ikkje er ønskjeleg med kortare fristar, men at det likevel ikkje er grunn til å gå imot departementet sitt framlegg om å endre betalingsfristen:

«Den foreslåtte endringen fra en måned til 30 dager er ... ikke så betydelig at den ... vil medføre særlig forringelse av forbrukernes rettigheter. Ettersom jeg også ser betydningen av å komme frem til like regler i forbrukerforhold som for næringsdrivende på dette punktet, støtter jeg derfor departementets forslag til endring av forsinkelsesrentelovens § 2.»

Også *Juss-Buss* støttar framlegget om å endre forseinkingsrentelova § 2, slik at fristen i staden blir på 30 dagar:

«Forslaget om å endre fristen til 30 dager vil innebære at man får en praktisk anvendbar regel. Man får også en rettferdig regel da fristens lengde vil bli lik for de ulike skyldnere.»

Også *Handels- og Servicenæringens Hovedorganisasjon* er samd i at ei endring av § 2 første ledd andre punktum ikkje vil innebære nokon stor skilnad, og organisasjonen legg til grunn at den nye regelen truleg vil vere enklare å halde seg til.

Når det gjeld departementet sitt framlegg om ikkje å ta inn nokon regel om utgangspunktet for fristen, uttrykkjer *Juss-Buss* derimot usemje:

«Direktivets regel om fristens utgangspunkt foreslås ikke inntatt i forsinkelsesrenteloven. Dette er begrunnet i at statene har anledning til å opprettholde regler som er gunstigere for kreditor enn det som følger av reglene i direktivet. Konsekvensen av at man ikke endrer fristens utgangspunkt vil bli at skyldner ikke får en reell 30-dagers frist før rentene begynner å løpe. Juss-Buss finner det mest hensiktsmessig at fristens utgangspunkt starter når skyldneren mottar oppfordring om å betale. Vi ser ingen grunn til at en regel som er til gunst for skyldner ikke skal innføres, da den er i samsvar med direktivet og dermed ivaretar kreditors interesse.»

4.1.5 Departementet sitt syn no

På bakgrunn av høyringsrunda held departementet fast ved framlegget om å endre månadsfristen i forseinkingsrentelova § 2 første ledd andre punktum til ein 30 dagars frist.

Departementet held også fast ved at det ikkje er naudsynt å endre reglane for når fristen startar. Som departementet peika på i høyringsnotatet, vil kreditor alltid kunne sende betalingsoppmoding på eit tidspunkt som gjer at fristen startar på eit like

tidleg tidspunkt som det som følgjer av direktivet sine reglar. Sjølv om kreditor kan påverke tidspunktet for når fristen skal starte, vil skuldneren alltid måtte få 30 dagar på seg til å betale om ikkje forfallstidspunktet er avtalt på førehand. Departementet kan difor ikkje sjå at skuldneren ikkje får ein reell 30 dagars frist, slik *Juss-Buss* hevdar.

Elles syner departementet til det som er sagt i høyringsnotatet, jf. punkt 4.1.3 ovanfor.

4.2 Høve til å fastsetje at betalingsfristen skal vere inntil 60 dagar

4.2.1 Reglane i direktivet

Medlemsstatane kan i deira lovgiving setje fristen for å betale forseinkingsrenter til 60 dagar for bestemte kategoriar av avtalar, jf. artikkel 3 nr. 2. Førresetnaden er at partane ikkje kan avtale ein lengre frist, eller at partane fastset ein ufråvikeleg rentesats som er vesentleg høgare enn den lovbestemte satsen.

4.2.2 Høyringsnotatet

Departementet såg ikkje behov for å nytte høvet til å innføre slike særskilte fristar, men bad høyringsinstansane om å uttale seg særskilt om spørsmålet, jf. høyringsnotatet side 10.

4.2.3 Høyringsinstansane sitt syn og departementet sitt syn no

Berre *Toll- og avgiftsdirektoratet*, *Oslo kommune*, *Norges Fondsmeglerforbund* og *Norske inkassobyråers forening (NIF)* har uttalt seg om dette spørsmålet.

Alle seier seg samde i at det ikkje kan vere naudsynt å innføre særskilte fristar for bestemte kategoriar av avtalar. Til dømes uttalar *Toll- og avgiftsdirektoratet*:

«Forsinkingsrentelova er deklarasjonsrett utanfor forbrukerhøve. Dette inneber bl.a. at det utanfor forbrukerhøve kan avtalast ein lengre frist til å betale forseinkingsrente enn den som følgjer av gjeldande lov. Direktivet skisserer at det for enkelte avtaletypar kan etablerast ein frist på inntil 60 dagar før forseinkingsrente startar å løpe. Om det ikkje innførast særskilte betalingsfristar kan det oppstå enkelthøve kor den avtalte betalingsfrist er sett lengre enn 60 dagar. Dette vil vere lite praktisk fordi kreditor som hovudregel er interessert i korte fristar for når

Om lov om endringer i lov 17. desember 1976 nr. 100 om renter ved forsinket betaling m.m.
(gjennomføring av direktiv 2000/35/EF av 29. juni 2000 om kamp mot forseinka betaling i handelshøve)

det kan reknast forseinkingsrente. Behovet for innføring av slike einskilde fristar framstår på denne bakgrunn som lite. Det følgjer vidare av ordlyden i direktivet at medlemsstatane ikkje er pålagt å innføre ei slik føresegn. Vidare synest det å vere i strid med norsk lovtradisjon å innføre ein slik kasuistikk i lovteksten.»

Departementet held fast ved at det ikkje er grunn for å nytte høvet til å innføre slike særskilte fristar, sidan det ikkje har kome fram noko slikt behov under høyringa.

4.3 Rentesatsen

4.3.1 Reglane i direktivet

Forseinkingsrentesatsen skal i statar som deltek i den tredje fasen av Den økonomiske og monetære unionen, vere summen av den rentesatsen som Den europeiske sentralbanken brukte ved sin siste vesentlege refinansieringstransaksjon før første kalenderdag i det gjeldande halvåret (i direktivet kalla referanserenta) tillagt minst sju prosentpoeng, dersom ikkje anna følgjer av avtale, jf. artikkel 3 nr. 1 bokstav d. I artikkel 2 nr. 4 er referanserenta definert som den rentesats som vert nytta ved slike transaksjonar i samband med anbod til fast rente. Dersom ein vesentleg refinansieringstransaksjon vert utført etter ei anbodsprosedyre med variabel rente, skal denne rentesatsen referere til marginalrenta som er resultatet av det anbudet.

For statar som ikkje tek del i det tredje stadiet av Den økonomiske og monetære unionen, skal referanserenta vere den tilsvarende referanserenta som blir fastsett av staten sin eigen nasjonale sentralbank, jf. artikkel 3 nr. 1 bokstav d, jf. nærare om dette under punkt 4.3.3 nedanfor.

Referanserenta som gjeld den første dagen i det aktuelle halvåret, skal gjelde i dei etterfølgjande seks månadane. Forseinkingsrentesatsen skal med andre ord bli fastsett kvar 1. januar og 1. juli.

4.3.2 Gjeldande rett

Etter forseinkingsrentelova § 3 første ledd første punktum er det overlete til Kongen å fastsetje kor høg rentesatsen skal vere. Rentesatsen har sidan 1. januar 1994 vore på 12% p.a., jf. kgl. res. 17. desember 1993 nr. 1144.

Av første ledd andre punktum går det fram at rentesatsen kan fastsetjast lågare for skuldnarar som er skuldnarar i eigenskap av å vere forbrukar. Slik situasjonen er i dag er rentesatsen den same både for forbrukarar og andre skuldnarar.

Paragraf 3 første ledd tredje punktum seier at endringar i forseinkingsrentesatsen «får virkning fra ikrafttredelsen også for krav hvor fordringshaveren har krav på forsinkelsesrente før ikrafttredelsen». Dette vil seie at i tilfelle der plikta til å betale forseinkingsrenter er i gang når det kjem ei endring av rentesatsen, så skal ein betale «gammal» sats fram til tidspunktet for iverksetjing av den nye satsen og ny sats frå iverksetjingstidspunktet.

I § 3 andre ledd er det ein særregel for tilfelle der det «løp rente i forholdet før betalingsplikt inntrådte». I slike tilfelle kan kreditor krevje den gjeldande renta i staden for forseinkingsrenta.

4.3.3 Høyringsnotatet

Reglane i direktivet om korleis ein skal fastsetje rentesatsen, skil seg frå gjeldande norsk rett, jf. ovanfor. Departementet gjorde difor framlegg om å endre dei norske reglane slik at dei kjem i samsvar med direktivet, jf. høyringsnotatet side 11–12, der det vart uttalt:

«Sjølve rentesatsen kan framleis fastsetjast ved kongeleg resolusjon, men grunnlaget for den bør gå uttrykkjeleg fram av forseinkingsrentelova § 3.

Noregs Bank utfører ikkje «refinansieringstransaksjonar» på same måten som Den europeiske sentralbanken. Slik Justisdepartementet har forstått det er dei omtalte refinansieringstransaksjonane utlån Den europeiske sentralbanken gjer til vanlege bankar som er med i euro-samarbeidet. Det er eit naudsynt verkemiddel ut frå den måten Den europeiske sentralbanken har valt å styre pengepolitikken på. Den renta som blir lagt til grunn ved slike transaksjonar vil vere Den europeiske sentralbanken si pengepolitiske styringsrente.

I Noreg vert den pengepolitiske styringsrenta fastsett på ein annan måte enn hos Den europeiske sentralbanken. Det er Noregs Bank som fastset den pengepolitiske styringsrenta. Pr. i dag er den pengepolitiske styringsrenta foliorenta som er fastsett av Noregs Bank. Dette er den renta bankane får på innskott dei gjer i Noregs Bank over natta, og denne er pr. 20. februar 2003 6,0 prosentpoeng.

Slik Justisdepartementet forstår direktivet artikkel 3 nr. 1 bokstav d, jf. artikkel 2 nr. 4, er det nettopp den pengepolitiske styringsrenta til Den europeiske sentralbanken eller den nasjonale sentralbanken som skal vere referanserente. I Noreg skal dermed referanserenta vere den pengepolitiske styringsrenta til Noregs Bank.

Sjolv om styringsrenta pr. i dag er foliorenta, har vi forstått det slik at kva som skal vere den

Om lov om endringar i lov 17. desember 1976 nr. 100 om renter ved forsinket betaling m.m.
(gjennomføring av direktiv 2000/35/EF av 29. juni 2000 om kamp mot forseinka betaling i handelshøve)

pengepolitiske styringsrenta i prinsippet kan variere. Etter Justisdepartementet sitt syn bør ein difor i lovteksten vise til den pengepolitiske styringsrenta fastsett av Noregs Bank, og ikkje foliorenta.»

På denne bakgrunnen foreslo departementet at forseinkingsrentelova § 3 første ledd første punktum skulle lyde slik:

«Kongen fastsetter hvert halvår størrelsen av forsinkelsesrenten til en fast prosent årlig rente, som skal svare til den pengepolitiske styringsrenten slik denne er fastsatt av Norges Bank pr. 1. januar og 1. juli det aktuelle år tillagt minst sju prosent.»

I og med at direktivet berre gjeld i handelshøve, meinte departementet at det ikkje er noko i vegeen for å halde fast ved regelen i § 3 første ledd andre punktum om at det kan fastsetjast lågare forseinkingsrente i forbrukarforhold. Også regelen i § 3 første ledd tredje punktum var etter departementet sitt syn i tråd med direktivet. Endeleg peika departementet på at føreseigna i § 3 andre ledd om alternativ rentesats er til fordel for kreditorane, og dermed kan vidareførast, jf. artikkel 6 nr. 2.

4.3.4 Høyringsinstansane sitt syn

Norske inkassobyråers forening (NIF) er skeptiske til at rentesatsen skal fastsetjast to gonger i året. Dei uttalar:

«NIF tror dette vil medføre store praktiske problemer mht. korrekt beregning for næringslivet, inkassobransjen, forliksråd og namsmenn (administrative konsekvenser). Erfaringene fra vår bransje tilsier at dette allerede i dag synes å være komplisert å forstå og beregne korrekt. Etter vår oppfatning vil en årlig fastsettelse kontra 2 ganger i året neppe føre til vesentlige tap/gevinster for næringsdrivende kreditor eller debitor.»

Toll- og avgiftsdirektoratet er samd i at direktivet gjer det naudsynt med endringar i forseinkingsrentelova, men etterlyser mellom anna betre rutinar for kunngjering. Dei uttalar i denne samanheng:

«Toll- og avgiftsdirektoratet er av den oppfatning at endringane i foresinkingsrentelova § 3 vil medføre hyppigare endringar i rentesatsen enn etter den gjeldande lov. Da den pengepolitiske renta endrast jamt, vil forseinkingsrentelova truleg bli endra kvart halvår. På denne bakgrunn vil det måtte reknast ulik rentesats for dei ulike periodane innanfor same rentekrav. Dette medfører at rentekravet må spesifiserast

for å unngå at kravet blir uoversiktleg. Talet på klager vil truleg auke på bakgrunn av dette.

Hyppige endringar av forseinkingsrenta krev gode rutiner for kunngjering. Etter Toll- og avgiftsdirektoratet sitt syn vil ei kunngjering i Norsk Lovtidend ikkje vere tilstrekkeleg da Norsk Lovtidend vert sendt ut seint i høve til kva tid endringane vert sett i kraft. Vi ber difor departementet gjere greie for korleis kunngjeringa skal skje, her i blant høve til å gje informasjonen direkte til kreditorane.»

Finansdepartementet sluttar seg til Justisdepartementet sitt framlegg om at rentesatsen skal fastsetjast kvart halvår til ein fast prosent årleg rente som skal svare til den pengepolitiske styringsrenta slik denne er fastsett av Noregs Bank per 1. januar og 1. juli det aktuelle året, tillagt minst sju prosentpoeng, og uttalar:

«Det bemerkes at den pengepolitiske styringsrente vil kunne variere mellom foliorenten og D-lånsrenten i Norges Bank. Når banksystemet samlet sett har innskudd på foliokontoen i Norges Bank, er foliorenten den marginale plasseringsrenten for banksystemet sett under ett. Folioarenten er da den effektive styringsrenten. Norges Bank legger i dag dette til grunn i sin utførelse av penge- og likviditetspolitikken. Dermed dette skal endres, og en for eksempel går over til at D-lånsrenten eller rente innenfor korridoren som utgjøres av foliorenten og D-lånsrenten skal være den effektive styringsrenten, vil det kreve en aktiv beslutning fra Norges Banks side. Det vil i så fall innebære endringer i Norges Banks måte å styre likviditeten i pengemarkedet på, og derigjennom også hvordan banken bidrar til at endringer i styringsrenten får bredt gjennomslag i det korte pengemarkedet.

Det kan ikke utelukkes at Norges Bank vil endre likviditetsstyringen i pengemarkedet og at D-lånsrenten vil kunne være den mest effektive styringsrenten i fremtiden. Det synes således hensiktsmessig at det i lovteksten vises til *den pengepolitiske styringsrenten*.

Finansdepartementet legger til grunn at utkastet ikke innebærer noen endring i forhold til hvem som skal fastsette forsinkelsesrenten, herunder at Finansdepartementet også i fremtiden vil måtte fremme forslag til endringer. Muligheten for hyppigere endring av forsinkelsesrenten som følge av utkastet tilsier at prosedyrene for fastsettelsen av størrelsen på forsinkelsesrenten forenkles noe. Finansdepartementet ber derfor Justisdepartementet vurdere om Kongens myndighet i forsinkelsesrenteloven § 3 bør delegeres til Finansdepartementet.

Finansdepartementet er videre av den oppfatning at nevnte prosedyre bør sikre tilstrekke-

Om lov om endringer i lov 17. desember 1976 nr. 100 om renter ved forsinket betaling m.m.
(gjennomføring av direktiv 2000/35/EF av 29. juni 2000 om kamp mot forseinka betaling i handelshøve)

lig kunngjøring/informasjon av gjeldende rentesats.»

Noregs Bank sluttar seg til departementet si forståing av det pengepolitiske regimet i Den europeiske sentralbanken (ESB) og tilpassinga til det norske systemet. Noregs Bank er vidare også samd i at forseinkingsrenta skal vise til den pengepolitiske styringsrenta for Noregs Bank, og ikkje foliorenta.

Forbrukarombodet meiner at det er «positivt at departementet går inn for at det fortsatt bør være adgang til å fastsette lavere forsinkelsesrente i forbrukerforhold enn i næringsforhold».

Handels- og Servicenæringens Hovedorganisasjon peikar på at ei hyppigare endring i forseinkingsrenta vil kunne skape problem for mindre kravshavarar:

«Særlig for mindre kreditorer vil en overgang til hyppigere endringer i forsinkelsesrenten kunne skape problemer. Det er nevnt i høringsnotatet at disse normalt vil ha faktureringsprogrammer som kan takle dette praktisk. Endringer er likevel betinget av at den nye renten legges inn i programmet. Det er derfor viktig at man finner frem til en ordning slik at det er enkelt for kreditorene å følge med i de endringene som foretaes.»

Norges Bilbransjeforbund rettar fokus mot dei tilfella der ein forbrukar opptre som kravshavar:

«I sitt forslag til endringer i morarenteloven vil ... departementet beholde lovens § 3, første ledd, annet punktum om adgang til å fastsette lavere morarente i forbrukerforhold uendret. Vi finner i denne forbindelsen grunn til å peke på at denne bestemmelsen omhandler situasjonen hvor forbrukeren er skyldner. Imidlertid er det ikke uvanlig at en forbruker opptre som kreditor i forhold til en handlende/næringsdrivende, f.eks i et forbrukerkjøp hvor forbrukeren gjør krav på renter knyttet til et krav om prisavslag, eller erstatning for mangler ved varen. Også ved kjøpsheving vil forbrukeren ha krav på renter av betalt kjøpesum etter morarenteloven, jfr. forbrukerkjøpslovens § 50.

Departementets forslag til lovendring innebærer at forbrukerens rentekrav i slike tilfeller skal utmåles etter endringsforslagets § 3, første ledd, første punktum. Såvidt vi kan se vil lovendringsforslaget i så fall medføre at det nye beregningsgrunnlaget for morarenten, vil få et videre anvendelsesområde enn det direktivet tar sikte på (mellom handlende).

For øvrig, hvis det blir aktuelt å fastsette en lavere rente i forbrukerforhold, synes det ikke urimelig om det rentekrav som utløses ved pengekrav knyttet til kontraktsbrudd i henhold til

forbrukerkjøpsloven (og muligens andre lover), beregnes etter samme sats uansett om kontraktsbruddet skjer fra selgerens eller forbrukerkjøperens side. Særskilt hjemmel for dette må i så fall innarbeides i loven, noe direktivet ikke vil være til hinder for.»

4.3.5 Departementet sitt syn no

Høyringsinstansane gir i hovudsak støtte til Justisdepartementet sitt framlegg i høyringsnotatet, men som det går fram ovanfor er *Norske inkassobyråers forening (NIF)* skeptisk til at rentesatsen skal bli fastsett to gongar i året.

På dette punktet har imidlertid ikkje statane valfridom. Det går uttrykkjeleg fram av direktivet artikkel 3 nr. 1 bokstav d at rentesatsen skal fastsetjast pr. 1. januar og 1. juli kvart år.

Men det er ikkje nødvendigvis slik at rentesatsen må endrast kvart halvår. Dersom referanserenta (hos oss den pengepolitiske styringsrenta til Noregs Bank) ikkje har endra seg, vil det truleg oftast ikkje vere nokon grunn til å endre rentesatsen. Sjølv om referanserenta har endra seg, er det heller ikkje gitt at rentesatsen må endrast. Dette må bli ei konkret vurdering i kvart tilfelle. Ein vil likevel ha plikt til å treffe eit nytt vedtak om kva rentesatsen skal vere kvart halvår, og alle kreditorar og andre som skal nytte rentesatsen må forsikre seg om kva den er.

Sjølv om det kan medføre noko meir arbeid for enkelte at rentesatsen vert endra kvart halvår held departementet fast på framlegget frå høyringsnotatet. Økonomiske og administrative konsekvensar er nærare omtala nedanfor under punkt 9.

Norges Bilbransjeforbund peiker på at også tilfelle der ein forbrukar er kreditor, f. eks. der forbrukaren gjer krav på renter i samband med erstatning for manglar ved ei vare som er kjøpt, vil bli omfatta av den nye måten å fastsetje rentesatsen på.

Dette er riktig, men departementet kan vanskeleg sjå at dette skal bli særleg problematisk. Også slik det er i dag, vil rentesatsen som gjeld når ein forbrukar er kreditor, vere den same som den som gjeld for næringsdrivande. At rentesatsen skal bli fastsett på ein noko anna måte enn i dag, er etter departementet sitt syn ingen grunn for å fastsetje særskilte reglar om korleis ein skal fastsetje forseinkingsrentesatsen når kreditor er forbrukar. Dersom det seinare skulle vise seg at det medfører urimelege resultat at rentesatsen for tilfelle der kreditor er forbrukar, blir fastsett på same måte som det som er foreslått i proposisjonen her, vil ein kunne vurdere spørsmålet på nytt.

Finansdepartementet reiser spørsmål om ikkje

Om lov om endringar i lov 17. desember 1976 nr. 100 om renter ved forsinket betaling m.m.
(gjennomføring av direktiv 2000/35/EF av 29. juni 2000 om kamp mot forseinka betaling i handelshøve)

den kompetanse som er lagt til Kongen etter forseinkingsrentelova § 3 til å fastsetje rentesatsen bør delegerast til Finansdepartementet, då det truleg vil bli behov for å endre rentesatsen oftare enn no.

Bakgrunnen for at kompetansen til å fastsetje rentesatsen vart lagt til Kongen går fram av merkningen til § 3 i Ot. prp. nr. 55 (1975–76) s. 23. Det heiter her:

«Med hensyn til spørsmålet om myndigheten til å fastsette rentesatsens høyde bør delegeres, har man ikke noe å bemerke til det som er anført av Finansdepartementet, om at myndigheten bør utøves av Kongen i statsråd, jf. grunnloven § 28. Det dreier seg her om vedtak som ikke vil bli truffet hyppig, slik at hensynet til Regjeringens arbeidsbyrde ikke skulle være noe tungtveiende moment mot at myndigheten ikke skulle delegeres.»

Etter ordninga som følgjer av direktivet og som blir foreslått i proposisjonen skal rentesatsen fastsetjast to gonger i året. Dette må seiast å vere relativt ofte. Omsynet til Regjeringa si arbeidsbyrde taler såleis for å delegere kompetansen til departementet. I motsetning til i 1975 går også no Finansdepartementet inn for delegasjon. I tillegg skal ren-

tesatsen fastsetjast ut frå noko meir handfaste utgangspunkt enn det som har vore tilfelle til no. Totalt sett meiner difor departementet at dei beste grunnar taler for at kompetansen blir delegert, og går inn for dette.

Delegasjonen bør etter departementet sitt syn skje direkte i lova. Dersom det seinare blir aktuelt å fastsetje rentesatsen på anna måte igjen, må det lovendring til, og ein kan då også vurdere kompetansespørsmålet på nytt.

Også kompetansen til å fastsetje lågare rentesats i forbrukarhøve, jf. forseinkingsrentelova § 3 første ledd andre punktum bør delegerast til departementet, då rentesatsen i forbrukarhøve alltid bør vurderast i høve til den rentesatsen som skal gjeld i næringshøve. Departementet går difor inn for også å delegere kompetansen etter andre punktum til departementet.

Når det gjeld spørsmålet om kunngjering av endringane i forseinkingsrentesatsen, som fleire høyringsinstansar har tatt opp, vil Justisdepartementet ta dette spørsmålet opp med Finansdepartementet for å finne ei god løysing som gir effektiv informasjon. Det er truleg Finansdepartementet som må stå for sjølve kunngjeringa då det er dette departement som fastset forseinkingsrentesatsen.

5 Kreditor sitt krav på erstatning for innkrevjingskostnader

5.1 Reglane i direktivet

Kreditor skal ifølgje direktivet artikkel 3 nr. 1 bokstav e kunne krevje rimeleg kompensasjon for alle relevante kostnader ved innkrevjing av kravet, med mindre skuldnaren ikkje er ansvarleg for forseinkinga. Direktivet opnar for at statane kan fastsetje maksimalbeløp i forhold til kva som kan krevjast for forskjellige gjeldsnivå under føresetnad av at dette er gjort i samsvar med prinsippa om synbarheit og proporsjonalitet («transparency and proportionality»).

Føresegna er på enkelte punkt noko uklar. Det er t.d. ikkje presisert kva som ligg i «rimeleg kompensasjon» eller «relevante kostnader». Bruken av skjønsmessige omgrep talar for ei forholdsvis romsleg direktivtolking på desse punkta.

Ein kan først stille spørsmål om kva som ligg i «innkrevjing». Etter departementet sitt syn tilseier ordlyden at dette omfattar både eigeninkasso og framandinkasso, og både utanrettsleg og rettsleg innkrevjing. Faktureringskostnader fell derimot utanfor.

Kva som er «relevante kostnader», må ein vurdere konkret i kvart enkelt tilfelle. Kostnadene kan vanskeleg reknast som relevante dersom det var klart for kreditor at forsøket på å innkrevje kravet ikkje ville lukkast. Dette kan til dømes vere tilfelle dersom kreditor nyleg har prøvd å innkrevje krav frå same skuldnar utan å ha lukkast med det.

Ein må vidare kunne sjå kravet i samanheng med krava til god inkassoskikk. Dersom ein til dømes har gått til vidare innkrevjingssteg før det er sendt naudsynte purringar, vil kostnadene i samband med dette ikkje vere «relevante».

Uttrykket «rimelig kompensasjon» legg også opp til ei brei totalvurdering. Etter departementet sitt syn ligg det generelt i dette at ein ikkje kan krevje dekka større kostnader enn det som vanlegvis er normalt for det aktuelle innkrevjingssteget, og at det ikkje kan krevjast dekning for større samla kostnader enn det som er rimeleg. Slik departementet ser det, stiller direktivet ikkje krav om at kreditor skal få dekka *unødvendige* innkrevjingskostnader. Direktivet gir heller ikkje kreditor noko absolutt krav på å få dekka alle sine *unødvendige* kostnader. At direktivet opnar for å fastsetje maksi-

male innkrevjingssettar for innkrevjing av ulike gjeldsnivå, støttar ei slik tolking.

5.2 Gjeldande rett

5.2.1 Utanrettsleg innkrevjing

Kreditor sitt krav på erstatning for utanrettslege innkrevjingskostnader er regulert i lov 13. mai 1988 nr. 26 om inkassovirksomhet og annen inndrivning av forfalte pengekrav (inkassoloven) kapittel 6. Inkassolova gjeld innkrevjing av pengekrav som er forfalne, jf. § 1 første ledd første punktum, men vik for reglar i eller i medhald av anna lov, jf. tredje punktum. Lova kan til dels fråvikast ved avtale, jf. § 3.

Inkassolova § 17 første ledd første punktum slår fast utgangspunktet om at skuldnaren er objektivt erstatningsansvarleg for «nødvendige kostnader» ved utanrettsleg innkrevjing av forfalne pengekrav. Andre punktum gjer det klart at skuldnaren si erstatningsplikt både gjeld kostnader ved å drive inn kravet sjølv (eigeninkasso) og ved å engasjere ein inkassator (framandinkasso).

Med *kostnader* meiner ein faktiske kostnader. I merknaden til § 17 i Ot.prp. nr. 2 (1987–88) side 120 nemner ein kostnader til telefon, porto, skrivning av purrebrev og vederlag til inkassator som døme på kostnader ein normalt vil kunne krevje erstatta. Fjernare tap, til dømes tap av andre inntekter i den tida som er brukt til innkrevjingsarbeidet, kan derimot vanskeleg reknast for å vere pårekeleg, jf. proposisjonen same stad.

Kva som er *nødvendige* kostnader må vurderast konkret, utfrå om det var naudsynt å setje i verk det tiltaket som førte til kostnaden, og om det var naudsynt med ein så høg pris for tiltaket. Spørsmålet er om kostnaden stod fram som forsvarleg for kreditor. Kostnaden kan difor måtte reknast som unødvendig dersom det var klart at innkrevjingsforsøket ville mislukkast. Kostnaden vil alltid bli å rekne som forsvarleg dersom kostnaden skuldast at ei lovpålagt plikt er følgd.

Paragraf 17 andre til fjerde ledd gjer fleire unntak frå utgangspunktet om objektivt ansvar: Skuld-

Om lov om endringar i lov 17. desember 1976 nr. 100 om renter ved forsinket betaling m.m.
(gjennomføring av direktiv 2000/35/EF av 29. juni 2000 om kamp mot forseinka betaling i handelshøve)

naren er ikkje erstatningspliktig dersom han hadde innvendingar mot kravet som det var «rimelig grunn til å få vurdert før inndrivingen ble satt i verk», jf. andre ledd. Dette gjeld sjølv om det har påløpt innkrevjingskostnader før innvendinga vart sett fram, med mindre innvendinga burde ha vore sett fram tidlegare.

Kreditor kan heller ikkje krevje erstatning for vederlag til ein inkassator «dersom skyldneren har betalt innen fristen i et inkassovarsel etter § 9», jf. tredje ledd.

Av fjerde ledd går det fram at skuldneren ikkje har plikt til å erstatte kostnader dersom fordringshavaren, ein inkassator eller andre som har hjulpet kreditor «har opptrådt i strid med god inkassoskikk overfor skyldneren, jf. § 8, eller en inkassator har unnlatt å følge pålegg i forholdet til skyldneren etter § 24 tredje ledd».

Ein kan heller ikkje krevje erstatning for vederlag til ein inkassator, dersom reglane i § 9 om inkassovarsel og betalingsfrist, § 10 om betalingsoppmoding eller § 11 om plikter før rettsleg innkrevjing ikkje er følgt, jf. § 17 fjerde ledd i.f.

I inkassoforskrifta 14. juli 1989 nr. 562 kapittel 1 er det – med heimel i inkassolova § 19 – gitt gebyrsatsar som kreditor kan krevje for purring, inkassovarsel og anna arbeid med saka etter §§ 9 og 10. Slikt gebyr kan krevjast i staden for erstatning for dokumenterte kostnader. Med heimel i inkassolova § 20 er det dessutan fastsett maksimalsatsar for skuldneren si erstatningsplikt når det gjeld utanrettslege innkrevjingskostnader, jf. kapittel 2 i forskrifta.

5.2.2 Rettsleg innkrevjing

For kostnader ved rettsleg innkrevjing gjeld rettarangsslovgjevinga sine reglar om sakskostnader, jf. inkassolova § 21. Slike reglar finn ein i tvistemålslova 13. august 1915 nr. 6 kapittel 13 og tvangsfullføringslova 26. juni 1992 nr. 86 §§ 3–1 til 3–3.

Etter tvistemålslova § 176 første ledd første punktum er hovudregelen for utmåling av sakskostnader at ein part skal ha dekkja alle kostnadene han har hatt i saka «forsaavidt de etter rettens skjøn var nødvendige for at faa saken betryggende utført». Etter tvangsfullføringslova er hovudregelen at saksøkte skal dekkje kostnadene til saksøkjaren dersom saksøkjaren krev det og saka og kostnadene har vore naudsynte, jf. tvangsfullføringslova § 3–1 første ledd første punktum.

Både etter tvistemålslova og tvangsfullføringslova er det gitt nokre forskrifter om fastsetjing av sakskostnader, jf. forskrift 23. juli 1993 nr. 768 om maksimalsatser for utmåling av sakskostnader i for-

liksrådet og forskrift 4. desember 1992 nr. 898 om saksøkte sakskostnadsansvar ved tvangsfullbyrdelse.

5.3 Høyringsnotatet

5.3.1 Utanrettsleg innkrevjing

Det første spørsmålet departementet reiste i høyringsnotatet, var om plikta til å erstatte kreditor sine «nødvendige kostnader», jf. inkassolova § 17, går like langt som plikta etter direktivet artikkel 3 nr. 1 bokstav e, som gjev kreditor krav på rimeleg kompensasjon for alle relevante kostnader ved inndrivinga, jf. høyringsnotatet side 15:

«Det er mogeleg ein kan hevde at ein kostnad kan reknast som «relevant» utan at den kan seiast å vere «nødvendig», men det er heller ikkje noko i vege for at berre «nødvendige» kostnader, slik dette er forstått i norsk rett, jf. ovanfor under punkt 5.2.1, er å rekne som «relevante» etter direktivet. Etter departementet sitt syn er dette den mest naturlege tolkinga av direktivet, og departementet legg difor til grunn at hovudregelen om erstatning for utanrettslege inndrivingskostnader oppfyller kravet i direktivet på dette punktet. Vi oppmodar likevel høyringsinstansane til særskilt å uttale seg om dette spørsmålet.»

Vidare blei det reist spørsmål om unntaksreglane i inkassolova § 17 kan vidareførast. Departementet uttalte på side 15 i høyringsnotatet at dette synest å vere mest tvilsamt i forhold til § 17 andre ledd om «innsigelser» frå skuldneren:

«Etter inkassolova § 17 andre ledd har kreditor ikkje krav på erstatning av innkrevjingskostnader dersom «skyldneren hadde innsigelser som det var rimelig grunn til å få vurdert før inndrivinga ble satt i verk». Etter andre punktum gjeld dette «selv om kostnadene påløp før innsigelse ble satt fram, dersom ikke skyldneren burde satt dem fram tidligere».

Bakgrunnen for unntaksreglane er at det ikkje er rimeleg at kreditor skal få erstatta sine kostnader i dei situasjonane unntaksreglane regulerer. Direktivteksten seier ikkje noko direkte om slike unntaksreglar, men etter departementet sitt syn må ein kunne forankre slike unntaksreglar i at direktivteksten seier at kompensasjonen skal vere «rimeleg».

Dersom skuldneren hadde god grunn til å kome med innvendingar, er departementet av den oppfatning at kostnadene ved inndriving av gjelda uansett ikkje vil vere «relevant» etter direktivet, slik at den norske regelen kan vidareførast.

Om lov om endringer i lov 17. desember 1976 nr. 100 om renter ved forsinket betaling m.m.
(gjennomføring av direktiv 2000/35/EF av 29. juni 2000 om kamp mot forseinka betaling i handelshøve)

«Dette blir noko meir tvilsamt dersom innvendingane er sett fram etter at kostnaden på løp, sjølv om skuldnaren ikkje burde kome med dei tidlegare, jf. § 17 andre ledd andre punktum. Dersom kreditor ikkje var kjent med innvendinga på førehand, vil kreditor kunne ha hatt god grunn for å setje i verk innkrevjinga, og ein kan såleis hevde at kostnadene er relevante og gjev grunnlag for kompensasjon.»

Departementet var på denne bakgrunn noko i tvil om det er mogeleg å oppretthalde regelen i § 17 andre ledd andre punktum i handelshøve. Departementet bad difor høyringsinstansane om å kome med sine synspunkt på tolkinga av direktivet opp mot føresegna i inkassolova, kor vidt det er behov for lovendring på dette punktet, og om ei slik lovendring bør gjelde allment eller berre i handelshøve.

Når det gjaldt inkassolova §§ 19 og 20 med tilhøyrande forskriftsreglar om standardiserte erstatningsbeløp, meinte departementet at desse er i samsvar med direktivet artikkel 3 nr. 1 bokstav e tredje punktum, jf. også første punktum om rimeleg kompensasjon. Det blei difor lagt til grunn at desse føresegnene kan vidareførast utan endringer, jf. høyringsnotatet side 16.

5.3.2 Rettsleg innkrevjing

Når det gjeld erstatning for rettslege innkrevjingskostnader, la departementet til grunn at reglane om tilkjenning av sakskostnader i tvistemålslova og tvangsfullføringslova vil oppfylle krava i direktivet, jf. høyringsnotatet side 16. Både hovudreglane og unntaksreglane etter desse føresegnene er i tråd med reglane i direktivet.

Derimot blei det reist spørsmål om forskrift 7. juli 1993 nr. 768 om maksimalsatsar for utmåling av sakskostnader i forliksrådet fullt ut er i tråd med direktivet:

«Etter § 1 første ledd nr. 1 i forskrifta kan klagaren få erstatta gebyret for handsaming i forliksrådet, jf. rettsgebyrlova § 7.

Etter § 1 første ledd nr. 2 kan ein få «et beløp lik rettsgebyret for skrivning av klage og andre alminnelige sakskostnader». Dette siste kan ein likevel gjere unntak frå etter § 3 første ledd dersom «det er klart at klageren eller dennes prosessfullmektig har hatt nevneverdig mer arbeid med saken enn det som er vanlig i saker for forliksrådet». Rettsgebyret er pr. 1. januar 2003 kr. 700,-. Det er vanlegvis ikkje så tid- eller kostnadskrevjande å skrive forliksklage. Oftast vil difor ein kompensasjon på rettsgebyret (for tida kr. 700,-) vere rimeleg. Når ein i tillegg kan få meir dersom det har vore «nevneverdig mer

arbeid med saken enn det som er vanlig», ser Justisdepartementet det som klart at desse reglane oppfyller krava i direktivet.

Etter § 1 andre ledd er hovudregelen at ein klagar kan tilkjennast eit beløp inntil ein firedel av rettsgebyret for nødvendige kostnader ved frammøte til mekling eller domsforhandling i forliksrådet. Føresegna gjeld ikkje dersom ein part møter personleg og i enkelte andre tilfelle som er nemnt i forskrifta § 3 andre ledd. Føresegna vil typisk gjelde dersom ein part som ikkje har personleg møteplikt, engasjerer ein annan person til å møte for seg, t.d. ein advokat eller ein person med personleg inkassoløype.

Det kan tenkjast at klagaren har hatt høgare kostnader for frammøte til mekling eller domsforhandling enn ein firedels rettsgebyr (for tida kr. 175,-). Sidan det ikkje er nokon unntaksregel som fullt ut opnar for at ein kan få erstatta høgare utgifter i særskilte tilfelle, kan ein stille spørsmål om denne regelen er i samsvar med direktivet. Det er til dømes ikkje opna for høgare utgifter ved at ein møter ved advokat eller ein som har inkassoløype. I eit høyringsnotat 6. desember 2002 har Justisdepartementet uavhengig av direktivet om forseinka betaling reist spørsmål om maksimalsatsen for frammøte i forliksrådet bør aukast. Vi bed likevel høyringsinstansane om å uttale seg særskilt om korvidt ein meiner føresegna i forskrifta § 1 andre ledd er i samsvar med direktivet eller ikkje.»

5.4 Høyringsinstansane sitt syn

5.4.1 Utanrettsleg inndrivning

Kredittilsynet, Oslo kommune og Norges Fondsmeglerforbund seier seg samd i at *hovudregelen om erstatning for utanrettslege inndrivingskostnader i inkassolova § 17* oppfyller kravet i direktivet artikkel 3 nr. 1 bokstav e.

Også *Norges Autoriserte Regnskapsføreres Forening (NARF)* meiner at det er samsvar mellom direktivet og inkassolova § 17 første ledd. Likevel meiner NARF at det kan vere føremålstenleg å endre ordlyden i § 17, slik at den blir tilpassa direktivet si formulering:

«Høyringsinstansane er spesielt anmodet om å uttale seg i forhold til hvorvidt uttrykket «nødvendige kostnader» i inkassoloven § 17 er i overensstemmelse med «relevante kostnader», som er uttrykket benyttet i direktivet.

Etter NARFs vurdering vil det alminnelige språklige innholdet av de to begreper ikke være sammenfallende. Nødvendige kostnader vil etter NARFs vurdering innebære at kreditor må

Om lov om endringer i lov 17. desember 1976 nr. 100 om renter ved forsinket betaling m.m.
(gjennomføring av direktiv 2000/35/EF av 29. juni 2000 om kamp mot forseinka betaling i handelshøve)

vurdere kostnader opp mot hverandre, for deretter å falle ned på den rimeligste løsningen for debitor. Dette i motsetning til relevante kostnader som åpner for at alle kostnader med den utenrettslige inndrivelsen kan regnes med, under forutsetning av at kostnadene har tilknytning til inndrivelsen.

Til tross for den språklige forskjellen i de to uttrykkene vil resultatet, når inkassoloven § 17 leses i sammenheng med samme lovs § 19 med tilhørende forskrifter, bli at alle relevante kostnader blir dekket. Dette fordi inkassoloven § 19 etter vår vurdering oppstiller klare grenser for hva som er relevante utgifter. Samlet resultatet av någjeldende lov og forskrift er at alle relevante kostnader blir dekket i tråd med direktivet.

Inkassoloven § 17 må derfor etter NARFs vurdering strengt tatt ikke endres sett hen til ovennevnte. Det vil likevel være en fordel om loven ble endret slik at inkassolovens ord og uttrykk også var i overensstemmelse med direktivet. Etter NARFs vurdering må det være et mål at ord og uttrykk både i lov- og forskriftstekst i minst mulig grad må tolkes for at bruker skal komme frem til regelens reelle innhold.»

Handels- og Servicenæringens Hovedorganisasjon er derimot noko usikker på om inkassolova § 17 fullt ut harmonerer med direktivet:

«Når det gjelder kreditors krav på erstatning for innkrevingskostnader, er vi noe usikre på om dagens ordlyd harmonerer med direktivet. Dette gjelder hovedsakelig forholdet mellom «nødvendige» kostnader i inkassoloven § 17 og «relevante» kostnader i direktivet. Ser man på ordlyden, vil relevante kostnader etter vårt skjønns henspill på visse type kostnader som det vil være aktuelt å kreve dekket. I «nødvendige» kostnader ligger det i tillegg en henvisning til omfanget av den enkelte kostnaden. Sagt på en annen måte må det her avgjøres om kostnaden er av en slik art at den kan kreves dekket, men også om kravet er av en slik størrelse at det kan sies å være «nødvendig» sett i forhold til inndrivelsen av fordringen. Vi er følgelig noe usikre på om det er harmoni mellom direktivet og inkassolovens ordlyd her.»

Toll- og avgiftsdirektoratet gir også uttrykk for at inkassolova § 17 første ledd er snevrare enn direktivet sin ordlyd, men at den kanskje likevel kan videreføres:

«Etter normal forståing av ordlyden, er «relevante inndrivelseskostnader» et vidare omgrep enn «nødvendige kostnader». Departementet sitt syn kan likevel oppretthaldast om det føreligg haldepunkt for at omgrepet «relevant» i direktivet skal ha ei snevrare tyding enn det som følgjer av ei normal tyding av ordlyden.»

Norske inkassobyråers Forening (NIF) er av den oppfatning at inkassolova § 17 ikkje er i samsvar med direktivet. Dei uttaler:

«Etter NIFs oppfatning kan man ikke direkte slutte at inkassolovens § 17 er i overensstemmelse med direktivet art. 3 nr. 1 bokstav e. Vanlig språkfortolkning tilsier at det er vesensforskjell mellom uttrykket «relevante kostnader» i direktivet og uttrykket «nødvendige kostnader» i inkassoloven. NIF er enige med departementet i at uttrykket nødvendige kostnader konsumerer uttrykket relevante kostnader. I denne forstand vil enhver nødvendig kostnad være å anse som relevant. Derimot kan man ikke slutte at en hver kostnad som direktivet henviser til er å anse som en nødvendig kostnad i inkassolovens forstand. Etter NIFs oppfatning må her inkassoloven endres slik at den kommer i harmoni med direktivet. Uttrykket «nødvendige» i inkassolovens § 17 bør derfor erstattes med «relevante».

Den norske Advokatforening kjem med liknande synspunkt, og uttaler:

«Etter utvalgets mening er inkassolovens begrep «nødvendige kostnader» snevrere enn direktivets begrep «relevante kostnader». En nødvendig kostnad vil alltid være relevant, mens det kan tenkes relevante kostnader som strengt tatt ikke er nødvendige ved utenrettslig inndrivning. Kreditors stilling etter norsk rett vil derfor kunne være dårligere enn etter direktivet.

Det bør vurderes å bytte ut «nødvendige» i inkassolovens § 17 med «relevante» for å bringe bestemmelsen på linje med direktivet».

Når det gjeld *unntaksregelen i inkassolova § 17 andre ledd første punktum*, er *Kredittilsynet* samtd med departementet i at lovføresegna kan vidareførast:

«Kredittilsynet slutter seg til departementet si oppfatning om at kostnadene ved innkrevjing av krav kor skuldnaren «hadde innsigelser som det var rimelig grunn til å få vurdert før inndrivelsen ble satt i verk», jf. § 17 andre ledd første punktum, ikkje vil vere «relevante» ihht. direktivet. Etter departementet sitt syn, må ein kunne forankre unntaksreglar i at direktivteksten seier at kompensasjonen skal vere rimeleg. Sjølv om det, etter det som no er sagt, ikkje har nokon konsekvens for vidareføring av § 17 andre ledd første punktum, er det Kredittilsynet si oppfatning at kreditor etter direktivet kan krevje alle kostnader erstatta så lenge dei er «relevante» for innkrevjinga, forutsatt at skuldnaren er ansvarleg for forseinkinga. Er vilkåra for erstatning til stades, skal storleiken på erstatninga, etter Kredittilsynet sitt syn, vere rimeleg.»

Om lov om endringer i lov 17. desember 1976 nr. 100 om renter ved forsinket betaling m.m.
(gjennomføring av direktiv 2000/35/EF av 29. juni 2000 om kamp mot forseinket betaling i handelshøve)

Kredittilsynet og Oslo kommune kan ikkje sjå behov for å endre *unntaksregelen i inkassolova § 17 andre ledd andre punktum*. *Kredittilsynet* grunnjev dette slik:

«Når det gjeld kostnader som er påløpt før kreditor var kjent med eventuelle innvendinger og skuldnaren ikkje burde ha sett dei fram tidlegare, jf. § 17 andre ledd andre punktum, vil Kredittilsynet peike på at det er ei grunnsetning i inkassolova at tvilsame krav i utgangspunktet ikkje skal vere gjenstand for utanrettsleg innkrevjing. Regelen må, slik Kredittilsynet ser det, tolkast i samsvar med denne grunnsetninga. Skuldnaren skal difor, som hovudregel, ikkje verte krevd for kostnader i samanheng med innkrevjing av krav som er omstridde. Såleis er det Kredittilsynet si oppfatning at kostnader som følgjer av forsøk på inndrivning av omstridde krav, heller ikkje vil vere «relevante» i hht. direktivet, og at det er mogeleg å oppretthalde regelen i § 17 andre ledd andre punktum i handelshøve.»

Etter *Toll- og avgiftsdirektoratet* sitt syn kan unntaksregelen i inkassolova § 17 andre ledd andre punktum derimot ikkje vidareførast:

«Kostnadene som oppstår før innvendingane frå skuldnaren vert framsett, kan vere relevante eller naudsynte kostnader som det er rimeleg at kreditor får dekket sjølv om kreditor ikkje kjende til eller burde ha kjent til innvendingane på førehand. Om unntaksregelen vidareførast vil denne stemme dårleg overeins med føremålet til direktivet om å styrke kreditorane si stilling.

Toll- og avgiftsdirektoratet er av den oppfatning at en eventuell lovendring bør gjelde generelt for ikkje å komplisere regelverket unødigg.»

Også *Norske Inkassobyråers Forening (NIF)* har det synet at inkassolova § 17 andre ledd andre punktum må endrast:

«Videre er det NIFs klare oppfatning at direktivet åpner for at inndrivelseskostnader som er påløpt før skyldneren har fremsatt innvendinger mot kravet, og som ikke var kjent for kreditor vil måtte bli å erstatte av skyldneren. NIF mener derfor at inkassolovens § 17 andre ledd andre punktum må omformuleres slik at relevante inndrivelseskostnader som er påløpt før skyldneren fremsetter innsigelser, og som ikke var kjent for kreditor pliktes erstattet av skyldneren.

Regelen bør gjelde både for næringsdrivende forhold og forbrukere for å skape et ensartet regelverk. Begrunnelsen for reglen tilsier også at den nærmeste til å bære kostnadene som er påløpt er den passive part, uavhengig av om denne har status som forbruker eller nærings-

drivende. Etter NIFs oppfatning vil slike kostnader klart falle inn under direktivets tekst mht. relevante kostnader som det er rimelig at kreditor kan kreve dekket av skyldner. På dette området er inkassoloven ikke i overensstemmelse med den naturlige forståelse av direktivet og må således etter vår oppfatning endres.»

Den norske Advokatforening uttaler:

«Etter utvalgets mening er fritaksregelen i inkassolovens § 17, 2. ledd, annet punktum mer omfattende enn direktivets ordlyd tar sikte på og gir kreditor en svakere stilling enn etter direktivet.

Etter utvalgets mening bør fritaket i § 17, 2. ledd, annet punktum ikke gjelde i handelsforhold hvor direktivet gjelder og hvor det må forutsettes en viss grad av profesjonalitet fra skyldnerens side.»

Forbrukarombodet, Juss-Buss og Kredittilsynet tek til orde for at § 17 andre ledd andre punktum under einkvar omstende ikkje må bli endra til ugunst for forbrukarar. *Forbrukarombodet* uttaler i samband med dette følgjande:

«Etter mitt syn gir inkassolovens § 17 annet ledd annet punktum uttrykk for en viktig regel i forbrukerforhold, nemlig at det er den næringsdrivende som bærer kostnaden for inndrivelsen dersom skyldneren hadde innsigelser som det var rimelig grunn til å få vurdert før inndrivelse ble iverksatt. Hvorvidt innsigelsene fremsettes før eller etter kostnadene påløp bør ikke ha noen betydning i denne sammenhengen, så lenge loven i § 17 annet ledd annet punktum tar forbehold om at regelen ikke gjelder dersom forbrukeren burde ha satt frem innsigelsen tidligere.

Jeg ønsker derfor ikke at denne bestemmelsen skal endres slik at forbrukeren får dårligere beskyttelse enn det som følger av loven i dag. Dersom departementet skulle komme til at inkassolovens § 17 må endres som følge av direktivet, bør endringen bare gjelde i næringsforhold.»

5.4.2 Rettsleg inndrivning

Når det gjeld rettsleg inndrivning, meiner *Oslo kommune* at det i særskilte tilfelle bør opnast for erstatning av høgare kostnader ved frammøte til mekling eller domsforhandling i forlikrådet.

Norske inkassobyråers forening (NIF) meiner ein må endre forskrift 23. juli 1993 nr. 768 om maksimalsatsar for utmåling av sakskostnader i forlikrådet. Dei uttaler:

«NIF er ikke enig med departementets vurdering av at reglene for erstatning for rettslige inn-

Om lov om endringar i lov 17. desember 1976 nr. 100 om renter ved forsinket betaling m.m.
(gjennomføring av direktiv 2000/35/EF av 29. juni 2000 om kamp mot forseinka betaling i handelshøve)

krevingskostnader er i overensstemmelse med direktivet. Riktig nok ble satsene for kostnader i forbindelse med oppmøte i forliksrådet ihht forskrift av 23. juli 1993 om maksimalsatser for utmåling av sakskostnader i forliksrådet endret f.o.m. 01.07.03 til 0,5 R. Imidlertid er dette ikke tilstrekkelig til å dekke de faktiske kostnader ved oppmøte, hvilke bør være å anse som «rimelige» å få dekket inn. Norsk rett kan således ikke anses å være i overensstemmelse med direktivet.

NIF har i brev av 23.10.03 og i høringsnotat HØRINGSNOTAT – FORSLAG TIL ENDRINGER I FORSKRIFTER OM SAKSKOSTNADER, I INKASSOFORSKRIFTEN OG I FORSKRIFT OM TVANGSSALG VED MEDHJELPER påpekt at kostnadene ved å engasjere en møtefullmektig de siste årene har økt drastisk. Alt fra starten har det vært en differanse mellom det man faktisk har vært nødt til å betale en møtefullmektig og det beløp man hadde krav på å få dekket av innklagede. Imidlertid har denne differansen dessverre bare blitt større. Årsakene til dette er flere. NIF vil gjerne peke på det faktum at man tidligere kunne få lensmenn til å møte i forliksrådet. De møtte ofte i flere saker, slik at kostnaden pr. sak kunne holdes nede. Siden disse ikke lenger kan møte i forliksrådet har inkassobransjen sett seg nødt til å etablere et eget nettverk av forliksfullmektiger. Disse møter gjerne i enkeltstående saker og må ofte reise lenger enn det de lokale lensmennene måtte. Kostnadene er derfor naturlig blitt høyere pr. sak. I tillegg er det enkelte kommuner hvor man ikke har møtefullmektig. Her er kreditor/møtefullmektig henvist til å reise forholdsvis langt for å møte i forliksrådet. Selv i de distrikter hvor hovedstevnevitner engasjeres for å møte i forliksrådet ser man at kostnadene øker. Hovedstevnevitnet er nå i ferd med å sette opp prisen for å møte i forliksrådet. Her kan nevnes at hovedstevnevitnet i Oslo nå tar kr. 600,- pr. fremmøte. Dette er blitt begrunnet med at hovedstevnevitnet ønsker å dekke inn den reelle kostnad som hovedstevnevitnet har i forbindelse med saksforberedelse – og selve møtet i forliksrådet. Dette indikerer at selv det offentlige med kort reisevei og muligheten til å møte i flere saker på samme sted den samme dagen, ikke klarer å holde den reelle kostnad lavere enn kr. 600,- pr. fremmøte.

Det at hovedstevnevitnet i Oslo nå tar kr. 600,- for å møte, er et sterkt signal om at dagens sats er for lav og ikke på langt nær dekker de reelle kostnader man har i forbindelse med et møte i forliksrådet. Hovedstevnevitnet bør i utgangspunktet være den mest effektive løsningen idet de som oftest er på stedet og kan møte i flere saker.

Det er derfor NIFs oppfatning at reglene om

sakskostnader nå bør endres slik at de bringes mer i samsvar med intensjonen om at «en part som utgangspunkt skal ha dekket alle kostnader han har hatt i saken, for så vidt disse etter rettens skjønn var nødvendige», altså de reelle kostnader som klager blir påført ved et oppmøte i forliksrådet. NIF mener at satsen fremdeles bør være knyttet opp mot rettsgebyret og legges på et nivå som gjenspeiler de reelle kostnadene. NIF foreslår at regelen endres til 1R pr. oppmøte. Dette vil etter NIFs oppfatning gjøre at norske regler på en bedre måte gjenspeiler det reelle kostnadsnivået og dermed vil harmonisere bedre med direktivet. I tillegg bør reglene omformuleres slik at de også inkluderer de faktiske utgifter en part selv har ved personlig møteplikt.»

Også *Den norske Advokatforening* meiner forskrifta må endrast. Dei uttaler:

«Etter utvalgets mening er den maksimalsats for fremmøte til meglings eller domsforhandling som er fastsatt i Forskrift av 7.7.1993 nr. 768 urealistisk lav. Et fremmøte vil i de fleste tilfelle vare i 1 time eller mer. Det finnes neppe noen profesjonelle representanter (advokater eller andre) som vil akseptere kr. 175,- for et slikt fremmøte. Maksimalsatsen for fremmøte i Forliksrådet bør definitivt økes.

Den nåværende begrensning på ¼ rettsgebyr er ikke i samsvar med direktivets retningslinjer om at «alle relevante inndrivelseskostnader» kan kreves erstattet.»

5.5 Departementet sitt syn no

5.5.1 Utanrettsleg innkrevjing

Enkelte høringsinstansar har som nemnt peikt på at omgrepet «relevante kostnader» i direktivet femner vidare enn omgrepet «nødvendige kostnader» i inkassolova § 17 første ledd. *Departementet* er samd i at uttrykket «relevant kostnad» isolert sett kan bli oppfatta som å vere vidare enn «nødvendig kostnad». Ein kan likevel spørje om ein unødvendig kostnad kan vere relevant i direktivet si meining. Sett i samanheng med at direktivet berre gir kreditor krav på «rimelig erstatning», ser departementet det slik at norsk rett oppfyller kravet i direktivet på dette punktet. Direktivet stiller etter departementet sitt syn ikkje krav om at kreditor skal få dekkja innkrevjingskostnader som ikkje har vore nødvendige.

Departementet kan heller ikkje sjå at det vil vere tenleg å endre ordlyden i inkassolova § 17 første ledd, slik *Den norske Advokatforening*, *Norske Inkassobyråers Forening* og *Noregs Autoriserte Regnskaps-*

Om lov om endringar i lov 17. desember 1976 nr. 100 om renter ved forsinket betaling m.m.
(gjennomføring av direktiv 2000/35/EF av 29. juni 2000 om kamp mot forseinka betaling i handelshøve)

førerers Forening tek til orde for. Så lenge den norske regelen materielt sett oppfyller kravet i direktivet, meiner departementet det er mest tenleg, særskilt for brukarane av lova, å halde fast ved den terminologien som er innarbeidd i norsk rett. Departementet peiker i denne samanheng på at direktiv skal transformerast til nasjonal rett, og at det difor ofte kan vere slik at ordlyden i nasjonal rett ikkje er heilt lik ordlyden i direktivet. Departementet legg vidare vekt på at uttrykket «nødvendige kostnader» har den fordel at det signaliserer at reglane om ansvar for innkrevjingskostnader byggjer på allmenne erstatningsrettslege reglar, medrekna reglane om tapsavgrensningsplikt.

Fleire av høyringsinstansane har kommentert unntaksregelen i inkassolova § 17 andre ledd andre punktum om at kreditor ikkje kan krevje dekkja kostnader ved innkrevjinga dersom skuldaren hadde innvendingar som det var rimeleg grunn til å få vurdert før innkrevjinga vart sett i verk, sjølv om kostnadane oppstod før innvendinga vart sett fram. Det er likevel berre *Norske Inkassobyråers Forening* og *Toll- og avgiftsdirektoratet* som meiner at lovføresegna må endrast, då dei tolkar direktivet slik at norsk rett ikkje er i samsvar med direktivet. I tillegg meiner dei at det er rimeleg at kreditor får dekkja kostnadane i slike tilfelle.

For at kreditor i det heile skal kunne få dekkja kostnadene ved innkrevjinga, er det ein føresetnad at kreditor ikkje kjende til innvendinga, eller i tilfelle hadde vurdert innvendingane frå skuldaren. Den situasjonen § 17 andre ledd andre punktum regulerer, er nettopp at kreditor ikkje var kjent med innvendingane på det tidspunkt han pådrog seg kostnaden, og debitor heller ikkje burde ha sett fram innvendinga på det aktuelle tidspunktet.

I Ot. prp. nr. 2 (1987–88) s. 67 grunngir departementet regelen slik:

«Slik departementet ser det er det her spørsmål om hvem som skal ha risikoen dersom et tvilsomt krav, som egentlig ikke burde vært gjenstand for utenrettslige inndrivingsforsøk, likevel blir gjort til gjenstand for slik inndriving. Departementet finner at det i slike situasjoner er den part som setter det kostnadskrevenne tiltaket i verk, som er nærmest til å bære kostnadsrisikoen dersom det viser seg at forutsetningene for tiltaket ikke var tilstede. Dette vil dessuten innebære en viss oppfordring til varsomhet med å sende krav til inkasso, noe departementet finner gunstig.

(...)

I tråd med alminnelige prinsipper må det imidlertid gjøres en reservasjon i unntaket fra erstatningsplikten for de situasjoner hvor det kan bebreides skyldneren som uaktsomt at ut-

gifter til inkasso eller annen inndriving ikke ble avverget.»

Sidan direktivet ikkje nærare definerer kva som er meint med «relevante kostnader» og «rimeleg kompensasjon», må det vere forsvarleg å leggje til grunn at statane har eit forholdsvis vidt spelarom på dette området. Dette gir også Danmark uttrykk for i Lovforslag L 74 (2001–2002) s. 16 og Sverige i Regeringens proposisjon 2001/02:132 s. 34.

Sidan regelen i inkassolova § 17 andre ledd andre punktum regulerer ein situasjon der det har oppstått kostnader i tilknytning til eit krav som eigentleg ikkje skulle vore gjenstand for inkasso, meiner departementet det er ei forsvarleg tolking av direktivet å seie at slike kostnader ikkje er «relevante» i direktivet sin forstand, eventuelt at det ikkje er «rimeleg» at kreditor får dekkja desse kostnadene. Det kan såleis ikkje vere i strid med direktivet å oppretthalde regelen i inkassolova § 17 andre ledd andre punktum. Det vert på denne bakgrunn ikkje fremja noko forslag om å endre føresegna.

Departementet syner elles til det som er sagt i høyringsnotatet, jf. punkt 5.3.1 ovanfor.

5.5.2 Rettsleg innkrevjing

Det er ingen høyringsinstansar som har hatt merknader til departementet si vurdering i høyringsnotatet om at reglane om tilkjennning av sakskostnader i tvistemålslova og tvangsfullføringslova oppfyller kravet i direktivet. Det vert på denne bakgrunn ikkje gjort framlegg om endringar i desse lovene.

Når det gjeld spørsmålet om forskrift 23. juli 1993 nr. 768 om maksimalsatsar for utmåling av sakskostnader i forliksrådet er i tråd med direktivet, meiner *Den norske Advokatforening* og *Norske Inkassobyråers Forening* at forskrifta må endrast. *Oslo kommune* meiner at det i særskilte tilfelle bør opnast for erstatning av høgare kostnader ved fram møte til mekling eller dom i forliksrådet.

Etter at høyringsnotatet vart sendt ut, har forskrifta vorte endra ved kongleg resolusjon 9. mai 2003. Etter endringa av § 1 andre ledd i forskrifta kan klagaren tilkjennast eit beløp inntil eit halvt rettsgebyr (mot tidlegare eit firedels) for naudsynte kostnader ved fram møte til mekling eller domsforhandling i forliksrådet. Som nemnde ovanfor gjeld ikkje føresegna dersom parten møter personleg, og i enkelte andre tilfelle som er nemnde i forskrifta § 3 andre ledd. Føresegna vil typisk gjelde dersom ein part som ikkje har personleg møteplikt, engasjerer ein annan person til å møte for seg, t.d. ein advokat eller ein person med personleg inkassoløype.

Om lov om endringar i lov 17. desember 1976 nr. 100 om renter ved forsinket betaling m.m.
(gjennomføring av direktiv 2000/35/EF av 29. juni 2000 om kamp mot forseinka betaling i handelshøve)

Endringa tok til å gjelde 1. juli 2003, samtidig med at rettsgebyret vart auka frå kr 700,- til kr 740,-. Dette inneber at ein klagar i saker som blir brakt inn for retten 1. juli 2003 eller seinare, jf. punkt V i endringsforskrifta om iverksetjings- og overgangsføresegner, kan få erstatta inntil kr 370,- for kostnader til frammøte i forlikrådet.

Den tvil departementet uttrykte i høyringsnotatet om kor vidt maksimalsatsen i forskrifta ville tilfredsstillere kravet i direktivet om «rimeleg kompensasjon», var basert på at maksimalsatsen skulle vere ein firedels rettsgebyr (av kr 700,-, dvs. kr 175,-). Spørsmålet blir om den nye satsen på kr 370,- oppfyller kravet i direktivet om «rimelig erstatning».

Departementet er klar over at det i nokre tilfelle kan koste meir enn kr 370,- å la seg representere ved møtefullmektig i forlikrådet. Direktivet gir li-

kevel ingen rett til full erstatning for alle kostnader ein har ved innkrevjinga, men berre rett til «rimelig erstatning». Som nemnt ovanfor må statane ha relativt stort spelarom til å fastsetje kva som er å rekne som «rimelig erstatning». Departementet meiner det er eit sentralt moment i denne samanhengen at ordninga med handsaming i forlikrådet er meint å vere ei rimeleg løysing for begge paratar. At ein ikkje får erstatning for alle kostnader, kan vere med på å halde kostnadsnivået nede. Sett i lys av dette, meiner departementet at maksimalsatsen på kr 370,- tilfredsstillere kravet i direktivet om «rimeleg erstatning».

Departementet ser etter dette ikkje grunn til å skipe til endringar i forskrifta om maksimalsatsar for utmåling av sakskostnader i forlikrådet.

Om lov om endringar i lov 17. desember 1976 nr. 100 om renter ved forsinket betaling m.m.
(gjennomføring av direktiv 2000/35/EF av 29. juni 2000 om kamp mot forseinka betaling i handelshøve)

6 Grovt urimelege avtalar

6.1 Avvikande avtalar i forhold til reglane i direktivet

6.1.1 Direktivet artikkel 3 nr. 3

Etter direktivet artikkel 3 nr. 3 er statane pliktige til å ha føresegnar om at avtalar om betalingstid eller følgjene av forseinka betaling som ikkje er i tråd med føresegnene i direktivet artikkel 3 nr. 1 bokstav b-d og nr. 2, enten ikkje skal vere bindande, eller gi grunnlag for erstatning, dersom avtalen står fram som klart urimeleg etter ei konkret vurdering der ein ser på alle omstenda i saka, inkludert handelspraksis og arten av produktet. Det vert presisert at ein ved avgjerda av om ein avtale er klart urimeleg overfor kreditor, blant anna skal ta omsyn til om skuldnaren har ein objektiv grunn til å fråvike føresegnene i nr. 1 bokstav b-d og nr. 2. Dersom ein avtale vert fastslått å vere klart urimeleg, skal dei lovbestemte vilkåra leggjast til grunn, om ikkje dei nasjonale domstolane fastset andre og rimelegare vilkår. Direktivet legg såleis opp til at ein skal foreta ei konkret vurdering der ein skal ta omsyn til alle relevante moment.

6.1.2 Gjeldande rett

Avtalelova 31. mai 1918 nr. 4 § 36 første ledd opnar for at ein avtale kan setjast heilt eller delvis til side eller endrast, dersom det vil verke urimeleg eller vere i strid med god forretningsskikk å gjere den gjeldande. Ved avgjerda skal ein ta omsyn til innhaldet i avtalen, partane si stilling, tilhøva når avtalen vart inngått, etterfølgjande omstende og tilhøva elles, jf. andre ledd. Reglane gjeld tilsvarende dersom det vil verke urimeleg å gjere handelsbruk eller anna kontraktrettsleg sedvane gjeldande, jf. tredje ledd.

Avtalelova § 36 gjeld for heile formuerettsområdet, jf. § 41.

6.1.3 Høyringsnotatet

Medan direktivteksten talar om klart urimelege avtalar, gjeld avtalelova § 36 tilfelle som er urimelege eller i strid med god forretningsskikk. Departementet meinte på denne bakgrunn at den norske lem-

pingsregelen kan nyttast i større grad enn det direktivet krev, jf. høyringsnotatet side 18. Departementet peika på at det ikkje er noko i vegen for eit slikt avvik mellom gjeldande rett og direktivet, så lenge det går i favør av kreditor, jf. artikkel 6 nr. 2. Departementet konkluderte med at det heller ikkje var andre skilnader som kunne gjere det naudsynt å endre norsk rett:

«Også etter avtalelova § 36 skal ein foreta ei konkret totalvurdering der ein kan ta omsyn til dei same moment som er nemnt i direktivet.

Avtalelova § 36 opnar både for at ein kan sette avtalen heilt til side, og for at avtalen vert endra, medan direktivet føreskriv at avtalen skal kunne byggjast ut med dei vilkåra som følgjer av lova eller som vert fastsett av domstolane. Avtalelova § 36 gir dermed rom for å foreta slike endringar av avtalen som direktivet føreskriv. På denne bakgrunnen er departementet sitt syn at norsk rett samsvarar med direktivet artikkel 3 nr. 3.»

6.1.4 Høyringsinstansane sitt syn og departementet sitt syn no

Ingen av høyringsinstansane har uttalt seg om tilhøvet mellom direktivet og avtalelova § 36.

Departementet held på bakgrunn av høyringsrunda fast ved at avtalelova § 36 oppfyller det høvet til å lempe avtalen som direktivet krev, og foreslår difor ingen endringar som følgje av artikkel 3 nr. 3. Departementet syner til det som er sagt om dette i høyringsnotatet, jf. punkt 6.1.3 ovanfor.

6.2 Verkemiddel for å få omgjort grovt urimelege vilkår

6.2.1 Direktivet artikkel 3 nr. 4 og 5

Etter direktivet artikkel 3 nr. 4 er statane forplikta til å sikre at det i kreditorane og konkurrentane si interesse finst passende og effektive verkemiddel som kan bringe bruken av klart urimelege kontraktsvilkår til opphøyr. Artikkel 3 nr. 5 set særskilt krav om at det skal stå slike verkemiddel til rådvelde for organisasjonar som representerar små eller mellomstore verksemder, jf. punkt 6.3.1 nedanfor.

Om lov om endringar i lov 17. desember 1976 nr. 100 om renter ved forsinket betaling m.m.
(gjennomføring av direktiv 2000/35/EF av 29. juni 2000 om kamp mot forseinka betaling i handelshøve)

6.2.2 Gjeldande rett og høyringsnotatet

Etter norsk rett kan den som har søksmålskompetanse, reise sivil søksmål om avtalevilkår er urimelege etter avtalelova § 36. Departementet meinte at slik søksmålsadgang tilfredsstiller vilkåret om passende og effektive middel i direktivet artikkel 3 nr. 4, jf. høyringsnotatet side 19. Til alternativet om administrativ prøving uttalte departementet følgjande:

«Etter direktivet er det også tilstrekkeleg at spørsmålet kan bringast inn til administrativ prøving. Men det finst ikkje noko offentleg organ i Noreg som kan foreta slik prøving i næringshøve. Forbrukarombodet og Marknadsrådet har berre kompetanse i forbrukarhøve, jf. marknadsføringslova 16. juni 1972 nr. 47 kapittel 3.

Departementet går heller ikkje inn for å etablere noka administrativ prøvingsordning for slike saker. Slik departementet ser det, vil det vere uheldig å leggje nærings saker til Forbrukarombodet og Marknadsrådet, då dette vil kunne svekkje deira posisjon som forbrukarorgan. Det er heller ikkje noko reelt alternativ å opprette eit særskilt organ for prøving av standardvilkår i næringshøve. Eit slikt organ vil truleg få eit lite tal saker til handsaming, og blir dermed dyrt å halde i drift.

Det aktuelle verkemiddelet hos oss vert dermed å bringe spørsmålet inn for domstolane.»

Departementet peika vidare på at det som kan vere tvilsamt, er om dei norske reglene i tilstrekkeleg grad opnar for «at ovanfor nemnde organisasjonar kan reise søksmål på vegne av sine medlemmar slik det er fastsett i direktivet artikkel 3 nr. 5». Sjå nærare om dette under punkt 6.3 nedanfor.

6.2.3 Høyringsinstansane sitt syn og departementet sitt syn no

Forbrukarombodet seier seg samd med departementet i at Forbrukarombodet og Marknadsrådet ikkje bør bli administrative prøvingsorgan, sidan dette vil kunne svekkje deira posisjon som forbrukarorgan:

«Jeg støtter departementets syn på dette punktet. Etter mitt syn er det ikke hensiktsmessig å tillegge Forbrukerombudet myndigheten til å avgjøre hvorvidt avtalevilkår som benyttes mellom næringsdrivende er urimelige, ettersom Forbrukerombudet er et organ som skal ivareta forbrukernes interesser. Tilleggelse av en slik myndighet til Forbrukerombudet ville også i så fall medføre behov for økte ressurser til Forbrukerombudet.»

Departementet er samd i dette og held fast

ved at norsk rett tilfredsstiller direktivet på dette punktet.

6.3 Nærare om organisasjonar sin søksmålskompetanse

6.3.1 Direktivet artikkel 3 nr. 5

Artikkel 3 nr. 5 krev at det blant midla som same artikkel nr. 4 nemner, skal vere reglar om at organisasjonar som er offisielt godkjende som representantar for små og mellomstore bedrifter, eller som har lovleg interesse («legitimate interest») i å representere slike verksemdar, skal ha rett til å bringe spørsmålet om standardavtalar er klart urimelege overfor kreditor etter kriteria i artikkel 3 nr. 3, inn til prøving av domstolane eller kompetente administrative styresmakter. Domstolane eller kompetente administrative styresmakter skal ha høve til å nytte eigna og effektive middel til å stogge bruken av slike klart urimelege kontraktvilkår.

Etter departementet sitt syn går det ikkje klart fram av føresegna i artikkel 3 nr. 5 om ho inneber eit krav om at organisasjonen skal kunne ta opp ei konkret einskildsak til føremon for kreditor (ei lita eller mellomstor verksemd), eller om ho krev at organisasjonen skal ha rett til å reise sak for å få underkjend ei standardavtale heilt allment, med den verknaden at standardavtalen ikkje kan bli nytta i noko einskildhøve. Omsynet til ei effektiv oppfyling av direktivet sitt formål kan etter departementet sitt syn tale for at føresegna iallfall har den sist nemnde verknaden. Skal organisasjonen få full verknad av å reise ei slik sak, må utfallet vere bindande for kvar og ein som kan finne på å nytte ein slik standardavtale til skade for ein kreditor som er ei lita eller mellomstor verksemd.

6.3.2 Gjeldande rett

Etter norsk rett er det eit vilkår for å gå til sivil søksmål at ein har «rettsleg interesse» i saka. Dette går uttrykkjeleg fram av tvistemålslova § 54 når det gjeld krav om fastsetjingsdom, men gjeld òg ved krav om fullbyrdingsdom etter tvistemålslova § 53. Av kravet til rettsleg interesse utleier ein mellom anna at saka må bli reist av rette vedkomande, det vil seie nokon som har sterk nok tilknytning til saka. Dommen vil etter hovudregelen i sivilprosessen – som vil gjelde i desse sakene – vere bindande berre for den eller dei som er saksøkte.

I privatrettslege forhold er hovudregelen at søksmålet må gjelde saksøkjaren sine egne rettar og plikter overfor saksøkte. Berre i nokre tilfelle

Om lov om endringar i lov 17. desember 1976 nr. 100 om renter ved forsinket betaling m.m.
(gjennomføring av direktiv 2000/35/EF av 29. juni 2000 om kamp mot forseinka betaling i handelshøve)

kan søksmål bli reist av personar som ikkje gjer gjeldande nokon rett på egne vegner, til dømes ei samanslutning. Etter rettspraksis er vilkåra for dette jamt strenge i privatrettslege forhold, sjå m.a. Skoghøy, *Tvistemål* (2. utgave, Oslo 2001) side 332 flg. (særleg side 340–41) og Hov, *Rettergang III* (Bergen 2000) side 149 flg. med vidare tilvisingar. Men kravet til rettsleg interesse kan endre seg noko med utviklinga, og ein kan ikkje sjå heilt bort frå at det kan vere lettare for ein organisasjon å få fremja eit søksmål om ein standardavtale reint allment kan brukast i lys av direktivet sine reglar, dersom det finst ein høveleg motpart i ei slik generell sak, enn å reise sak om eit konkret rettshøve der standardavtalen blir nytta til skade for kreditor.

Tvistemålsutvalet går i NOU 2001: 32 Rett på sak side 193 inn for å vidareføre dei reglar som i dag gjeld om søksmålskompetansen til organisasjonar. Dei uttaler i denne samanhengen:

«Tvistemålsutvalget mener de domstolskapte regler om organisasjoners søksmålsadgang er hensiktsmessige og bør vidareføres. Utvalget finner ikke grunn til å foreslå noen spesielle endringer her. Utvalget tilføyer at det ikke ønsker å stoppe noen vidare utvikling av denne søksmålskompetansen. En eventuell slik utvikling må først og fremst styres av de foreliggende søksmålsbehov. Slike endringer vil da kunne foretas ved justeringer fra domstolenes side.»

Når det gjeld kven dommen skal vere bindande for, går *Tvistemålsutvalet* ikkje inn for nemnande endringar i gjeldande rett, sjå NOU 2001: 32 side 420–21. Utvalet held såleis fast ved at ein dom i ei sak som er reist av ein organisasjon, ikkje skal vere bindande for organisasjonen sine medlemmer eller for andre.

6.3.3 Høyringsnotatet

Justisdepartementet uttalte i høyringsnotatet at det hadde vanskar med å sjå at norsk rett i dag gir organisasjonar som representerer små og mellomstore verksemdar, slikt høve til å reise sak for domstolane om standardavtalar som direktivet artikkel 3 nr. 5 føreset, jf. høyringsnotatet side 21:

«Dei einskilte verksemdene kan sjølve få prøvd for domstolane om ein standardavtale som gjeld for det aktuelle rettshøvet, er urimeleg i lys av direktivet og difor lyt setjast til sides, og då følger det av dei sivilprosessuelle reglane om rettsleg interesse at organisasjonen ikkje kan reise ei slik sak. Det er noko meir uvisst om organisasjonen vil vere avskoren frå å reise sak om standardavtalen reint allment, men det er ikkje heva over tvil at det vil vere nokon som vil

vere rett saksøkt («passiv søksmålskompetanse») i ei slik sak, og i alle høve vil ikkje utfallet vere rettskraftig bindande for andre enn dei som har vore partar i saka.»

På denne bakgrunnen meinte departementet at retten for organisasjonar som representerer små og mellomstore verksemdar til å reise søksmål i dei sakene det er tale om her, burde fastsetjast særskilt i forseinkingsrentelova. Departementet peika på at same vurdering er gjort av *Tvistemålsutvalet* i NOU 2001: 32 side 206–07, kor utvalet seier at det ser det som lite ønskjeleg å utforme dei allmenne standardprega reglane om søksmåls-gjenstand og søksmåls-situasjon slik at dei uttrykkjeleg dekkjer slike særhøve som mellom anna direktivet om forseinka betaling. Utvalet rår til å nytte særregulering der dei allmenne reglane ikkje synest tilstrekkelege.

Om innhaldet i ein slik regel i forseinkingsrentelova uttalte departementet følgjande på side 21–23 i høyringsnotatet:

«Han må gje ein organisasjon som representerar små og mellomstore verksemdar høve til å reise søksmål. Meir tvilsamt er det kva søksmålet skal gjelde og kva for verknader som avgjerda skal ha. Søksmålet kan gjelde eit konkret rettshøve og bruken av standardavtalen i det, eller bruken av standardavtalen reint allment. Med det siste alternativet – som kan ha mest for seg når det gjeld effektiv oppfyljing av direktivet sitt formål – er ulempa at det kan vere uvisst kven det er rimeleg å gjere til motpart, om ikkje standardavtalen er utarbeidd ved tingingar mellom fleire organisasjonar som representerar ulike interesser. Dette spørsmålet ville eigna seg til ei løysing med reglar om gruppesøksmål, som samstundes ville gje ei vid rettskraftverknad av dommen. *Tvistemålsutvalet* har gjort framlegg til reglar om gruppesøksmål (jf. NOU 2001: 32 s. 467–96), men Justisdepartementet finn det rettast å vente med å foreslå slike reglar til den fullstendige oppfølginga av utvalet sitt forslag til ny tvistelov. I denne omgongen går departementet inn for at ein får klare seg på anna vis.

Ei mogeleg løysing er å gje organisasjonen høve til å reise søksmål om standardavtalen i eit konkret rettshøve. Søksmålet må då bli reist mot den som er motpart i det konkrete rettshøvet, og dommen bør vere bindande for han og for kreditor i rettshøvet deira. I tillegg bør den kunne få utvida rettskraft, slik at det vert avgjort overfor alle om standardavtalen er urimeleg, når organisasjonen krev det og retten finn saka tolleg godt opplyst for slik verknad. Andre interesserte – om dei er organisasjonar eller einskilte – vil ha høve til å melde seg på i søksmålet som hjelpeintervenientar dersom dei har retts-

Om lov om endringar i lov 17. desember 1976 nr. 100 om renter ved forsinket betaling m.m.
(gjennomføring av direktiv 2000/35/EF av 29. juni 2000 om kamp mot forseinka betaling i handelshøve)

leg interesse i det etter dei vanlege reglane i tvistemålslova.

Ein ny regel i forseinkingslova etter desse linene kan førebels bli utforma til dømes på dette viset:

«En organisasjon som representerer små eller mellomstore næringsvirksomheter kan reise søksmål for å få prøvd om vilkår i standardavtaler om betalingstid eller følgene av forsinket betaling vil virke urimelig overfor kreditor, jf. avtaleloven § 36. Retten kan etter påstand fastsette at en dom i saken skal gjelde for alle og enhver som gjør bruk av standardavtalen.»

Med ei slik utforming kan organisasjonen reise søksmål både med og utan tilknytning til eit konkret kontraktshøve. Eit slikt søksmål kan mest naturleg bli reist mot den som freistar gjere gjeldande vilkår i standardavtalen mot kreditor, eller mot den organisasjon eller verksemd som har utarbeidd standardavtalen på vegner av skuldnarsida. Knyter saka seg til eit konkret kontraktshøve, vil dommen vere rettskraftig jamvel for kreditor, som kan tre inn i saka som sterk hjelpeintervenient. Skal ein dom som kjenner standardavtalen urimeleg, slik at det heilt eller delvis er ulovleg å nytte han, verte bindande for andre enn den konkrete motparten, bør det truleg berre gjelde for framtidig bruk av avtalevilkåret. Dommen bør altså ikkje vere bindande i ei eventuell sak om eit kontraktshøve som alt er gjort opp. Det får vere opp til retten å fastsetje om dommen skal gjelde for alle kontraktshøve der standardavtalen blir nytta, eller berre for dei kontraktshøve som blir inngått etter dommen. Skal dommen vere bindande for andre enn partane, lyt retten sjå til at saka er så godt opplyst at den kan kjenne seg tolleg trygg på resultatet.

Direktivet stiller berre krav om at organisasjonar som representerer små og mellomstore verksemdar skal ha søksmålskompetanse. Når ein først skal innføre ein slik regel kan ein spørje om han bør gjelde i forhold til alle verksemdar utan omsyn til storleik. Det kan vere vanskeleg å trekkje grenser for kva som er små og mellomstore verksemdar, og departementet ser ikkje tungtvegande omsyn mot at organisasjonar også skal kunne gå til søksmål i dei aktuelle tilfella dersom organisasjonane ønskjer det. Det kan likevel vere at organisasjonane ikkje vil prioritere like høgt å reise søksmål med tanke på store verksemdar, som vil ha lettare for å ivareta egne interesser enn mindre verksemdar.

Justisdepartementet går likevel i denne omgang inn for at retten berre skal gjelde i forhold til små og mellomstore verksemdar, slik det er fastsett i direktivet, men bed særskilt om høyringsinstansane sitt syn på dette.

Når det gjeld spørsmålet om kva som skal til

for å seie at ein organisasjon representerer ei verksemd, meiner Justisdepartementet at dette må avgjerast konkret, jf. merknadane til den føreslåtte lovføresegna i punkt 10.»

6.3.4 Høyringsinstansane sitt syn

Maskinentreprenørenes Forbund gjev full støtte til framlegget om ny § 4 a i forseinkingsrentelova:

«Som bransjeorganisasjon registrerer vi ikke sjelden at store oppdragsgivere eller sammenslutninger setter vilkår ut fra den forhandlingsposisjon de har i forhold til små og mellomstore leverandører. Det er derfor med stor interesse og glede vi registrerer at det i forslag til endring i forsinkelsesrenteloven (ny § 4 a) inntas bestemmelse om at organisasjoner som representerer små og mellomstore næringsvirksomheter kan fremme søksmål for å få prøvd om vilkår i standardavtaler om betaling eller følgene av forsinket betaling, vil virke urimelig overfor kreditor.»

Også *Handels- og Servicenæringens Hovedorganisasjon* er samd i framlegget om ei slik lovføresegn:

«Organisasjoners søksmålskompetanse er i norsk rett et noe uklart område. Reglene er langt på vei skapt gjennom rettspraksis. Vi er enige i at dagens regler ikke tillater slike søksmål i den utstrekning direktivet krever. Å tillate at organisasjoner går til søksmål uten at de tradisjonelle kravene til rettslig interesse foreligger, er et markert brudd i forhold til de øvrige reglene om søksmålskompetanse. [...]

Vi er videre enige i at spørsmålet om organisasjoners søksmålskompetanse bør sees i sammenheng med Tvistemålsutvalgets arbeid. HSH støtter derfor departementets forslag om å lage en konkret bestemmelse som oppfyller minimumskravene i direktivet.»

Den norske Dommerforenings utvalg for obligasjonsrett, selskapsrett og avtalerett stør derimot ikkje framlegget:

«[F]orslaget om å gi søksmålsrett for organisasjoner ... bør etter utvalgets oppfatning ... utredes nærmere og ses i sammenheng med arbeidet med ny sivilprosesslovgivning og de forslag som der foreligger om rett til gruppesøksmål. En slik søksmålsrett som er omhandlet i høyringsnotatet (og direktivet) bør ligge godt til rette for gruppesøksmål.

Dersom man av hensyn til EØS-forpliktelsen ikke kan utsette spørsmålet til det foreligger ny tvistelov, bør det etter utvalgets oppfatning vurderes om kompetansen til å nedlegge forbud

Om lov om endringer i lov 17. desember 1976 nr. 100 om renter ved forsinket betaling m.m.
(gjennomføring av direktiv 2000/35/EF av 29. juni 2000 om kamp mot forseinka betaling i handelshøve)

bør legges til Markedsrådet eller Konkurransetilsynet – ikke til den domstol som måtte være rett vernet i en bestemt tvistesak. En sak om forbud mot generelle avtalevilkår har sterke innslag av forvaltningsmyndighet og vil kreve utredning og informasjonsinnhenting som ikke godt kan overlates til partene i den aktuelle tvist. Å la en domstol selv sørge for slik utredning vil være i strid med grunnleggende prinsipper i vår sivilprosess og kan derfor ikke anbefales.»

Domstoladministrasjonen, som opplyser å ha lagt fram spørsmålet for utvalgte domstolar, hadde ingen merknader til framlegget i høringsnotatet.

Norges Autoriserte Regnskapsføreres Forening er skeptisk til ein regel om utvida rettskraft:

«Uten å ha alternative forslag til hvordan direktivet skal inkorporeres i norsk rett på dette punkt, stiller NARF seg skeptisk til innføringen av en regel som gir domstolen rett til å bestemme at en dom også skal kunne gjøres gjeldende for andre enn sakens parter. At en dom skal kunne få rettsvirkninger for andre enn de som er parter i saken er et brudd på de alminnelige rettsregler som gjelder for norsk prosess.

Indirekte er det ikke tvilsomt at en dom vedrørende rimeligheten av en standardavtale, også etter dagens regler, vil få virkning for tilsvarende avtaleforhold. Særlig gjelder dette dersom dommen har prejudikatsverdi. Etter vår vurdering bør det derfor utredes om ikke direktivets artikkel 3 nr 5 allerede kan anses oppfylt ved bruk av juridisk metode i kombinasjon med dommers rettsvirkninger i sin alminnelighet. I tillegg bør det i langt større grad utredes hvilke andre konsekvenser en slik endring vil medføre.

Vi i NARF har ikke utredet spørsmålet nærmere, men tillater oss å være skeptiske til en dramatisk endring av dommers rettsvirkninger.»

Også *Den norske Advokatforening* uttrykkjer skepsis til ein regel om utvida rettskraft:

«Forslaget til ny § 4 a i morarenteloven innebærer et brudd med vårt nåværende rettssystem. Som påpekt innledningsvis av departementet er det en grunnregel i norsk prosessrett at en dom kun er bindende og kan fullbyrdes overfor dem som er parter i en sak.

Utvalget ser ingen grunn til å rokke ved dette prinsippet. Utkastet gir en organisasjon rett til å reise sak om rimeligheten i en standardkontrakt uten at kreditor behøver å samtykke i dette og uten at kreditor er enig i at slik sak blir reist. Dersom resultatet i tillegg skal være bin-

dende for kreditor dersom det dreier seg om et konkret rettsforhold, vil dette være et betenkelig brudd på etablerte prinsipper.

Direktivets ordlyd på dette punkt er uklart og det er etter utvalgets mening ikke nødvendig å trekke den konsekvens som forslaget gjør: – At resultatet i konkrete tilfelle skal være bindende for en kreditor som ikke er part i saken.

Bestemmelsen i forslagets andre punktum er mindre betenkelig. For det første fordi den uttrykkelig forutsetter at spørsmålet om virkningen skal vurderes av domstolen. Dernest fordi virkningen mer vil ligne på en presedensavgjørelse som partene kan rette seg etter ved senere kontraktsinngåelse.

[...]

§ 4 a: Ordlyden inneholder i første punktum en henvisning til avtalelovens § 36.

Utvalget vil foreslå at denne referansen sløyfes. Den vil kunne virke innsnevrende på fortolkningen av rimelighetsbegrepet og kan skape unødig sprik mellom § 4 a og de kriterier for urimelighet som direktivets artikkel 3.3 inneholder.

Likeledes foreslås strøket «og enhver» i annet punktum idet dette er unødvendig som supplement til «alle».

Nærings- og handelsdepartementet har merknader til spørsmålet om å gje søksmålsrett til alle organisasjonar som representerer foretak, uavhengig av storleiken deira, og til kva som skal reknast som små og mellomstore bedrifter:

«Trolig vil de aller fleste norske organisasjoner som kan sies å representere bedrifter ha en andel medlemmer som er SMB, og derfor kunne påberope seg søksmålskompetanse. En utvidelse av retten til å gå til søksmål til alle organisasjoner vil derfor i praksis ha få eller ingen konsekvenser, men kan gi et noe enklere håndterbart regelverk (et vurderingstema fjernes).

I Norge finnes det ingen formelt fastsatte grenser for størrelsen på SMB, men fast praksis trekker likevel opp klare grenser (under 20 ansatte er «små», under 100 ansatte er mellomstore). EU har en definisjon av størrelsen på små og mellomstore bedrifter som er vesentlig høyere enn i Norge. Dersom JD ønsker å opprettholde sitt forslag om at søksmålskompetansen begrenses til de organisasjonene som representerer SMB, bør grensene for hva som regnes som SMB drøftes i merknadene til den foreslåtte regelen. Videre bør det trolig også sies noe om hvor stor del av medlemmene som skal være SMB for å komme inn under reglene. Vi har ikke vurdert om det at de norske grensene for SMB er mye lavere enn EUs kan komme i konflikt med direktivet.»

Om lov om endringar i lov 17. desember 1976 nr. 100 om renter ved forsinket betaling m.m.
(gjennomføring av direktiv 2000/35/EF av 29. juni 2000 om kamp mot forseinka betaling i handelshøve)

Også *Den norske Advokatforening* er inne på desse spørsmåla, og uttaler:

«Utvalget er enig i at søksmålsretten bare må gjelde organisasjonar som naturleg kan sies å representere små og mellomstore bedrifter. Begrepet «SMB» vil imidlertid kunne variere fra EØS-området til Norge. Tradisjonelt vil norske firmaer være mindre enn i de større land og grensen mellom store og mellomstore bedrifter vil hos oss ligge lavere. Slik begrepet er kommentert i bemerkningene til lovforslaget vil imidlertid den nødvendige fleksibilitet for å fange opp evt. uoverensstemmelser være bygget inn i forslaget.»

6.3.5 Departementet sitt syn no

6.3.5.1 Spørsmålet om organisasjonar i det heile tatt skal få søksmålskompetanse i desse tilfella

Departementet held fast ved at det er naudsynt med lovendring for å sikre at organisasjonar får den retten som dei etter direktivet artikkel 3 nr. 5 skal ha til å ta opp urimelege vilkår om forseinkingsrenter i standardavtalar. Departementet kan nok forstå høyringsinstansar som meiner at dette er ein situasjon som ligg til rette for gruppesøksmål. Men det er noko som ein vil vurdere i samband med oppfølginga av Tvistemålsutvalet si innstilling, der det er gjort framlegg til slike reglar.

Departementet er ikkje samd i at kompetansen til å prøve standardvilkår om betalingstid og følgjene av forseinka betaling bør leggjast til eit forvaltningsorgan. Dette vil i så fall vere ei ny oppgåve for forvaltningsorganet, medan domstolane allereie i dag prøvar om standardavtalar er urimelege etter avtalelova § 36. Departementet kan ikkje sjå at dei standardavtalane det her er tale om, skil seg ut i slik grad at det er problematisk for domstolane å prøve desse. Domstolen vil ikkje ha noka allmenn plikt til å sørge for opplysning av saka i større utstrekning enn det som elles gjeld i sivile saker, og departementet ser ingen grunn for at partane ikkje vil sørge for tilstrekkeleg opplysning av slike saker.

Når det gjeld spørsmålet om eventuelt å gi dommen utvida rettskraft, vil domstolen ikkje ha plikt til å gjere dette. Det er berre i dei tilfelle domstolen finn at saka er godt nok opplyst for dette at det vil vere aktuelt, jf. nedanfor under punkt 6.3.5.3.

Departementet vil elles peike på at *Domstolad-ministrasjonen*, som opplyser å ha lagt fram spørsmålet for utvalde domstolar, ikkje hadde merknader til forslaget i høyringsnotatet.

På denne bakgrunn opprettheld departementet forslaget frå høyringsnotatet om at organisasjonar

skal kunne bringe spørsmålet om betalingstid eller følgjene av forseinka betaling inn for domstolane.

6.3.5.2 Kva organisasjonar skal kunne gå til søksmål?

Nærings- og handelsdepartementet gir uttrykk for at det i praksis truleg betyr lite om ein gir rett til å gå til søksmål til alle organisasjonar som representerer verksemdar, då dei reknar med at så og seie alle organisasjonar som representerer verksemdar også vil representere nokre små og mellomstore verksemdar.

Departementet er samd i dette, og meiner difor at alle organisasjonar som representerer verksemdar etter ei konkret vurdering vil kunne ha søksmålskompetanse, jf. nedanfor under merknaden til føresegna i forseinkingsrentelova ny § 4 a.

Når det gjeld spørsmålet om grensene for kva som skal reknast for små og mellomstore verksemdar, ser departementet ingen grunn til å fastsetje noko om dette i lova. Domstolen vil måtte avgjere dette konkret. I denne vurderinga vil kva som generelt sett blir rekna for små og mellomstore verksemdar bli eit sentralt moment.

Kor vidt ein skal byggje på kva som vert rekna for å vere små og mellomstore verksemdar i den enkelte staten eller om ein skal leggje til grunn EU sin definisjon av små og mellomstore verksemdar, er etter departementet sitt syn noko uklart. Det at direktivet ikkje definerer kva som er meint med små og mellomstore verksemdar, talar for at den enkelte staten kan fastsetje dette sjølv.

Mot dette kan ein truleg hevde at spørsmålet ikkje er nærare omtala i direktivet fordi alle statar utanom EØS-statane, vil byggje på EU-definisjonen av små og mellomstore verksemdar.

Dessutan vil nasjonale avgrensingar kunne motverke den indre marknaden. Ein kan tenkje seg ei verksemd frå ein EU-stat som er større enn det som i Noreg blir rekna for å vere små og mellomstore verksemdar, som handlar med ei særskilt stor norsk verksemd, der det blir brukt standardvilkår om betalingstid og følgjene av forseinka betaling. Dersom ein organisasjon som representerer EU-verksemda vil gå til søksmål mot Statoil i Noreg om kor vidt vilkåra i standardavtalen om betalingstid eller følgjene av forseinka betaling er urimelege, vil den ikkje ha høve til dette dersom det er dei norske grensene for små og mellomstore verksemdar som blir lagt til grunn. Dette vil truleg ikkje vere i samsvar med føremålet bak direktivet og dei generelle omsyna bak den indre marknaden.

Departementet heller difor mot at det er EU-definisjonen av små- og mellomstore verksemdar som

Om lov om endringer i lov 17. desember 1976 nr. 100 om renter ved forsinket betaling m.m.
(gjennomføring av direktiv 2000/35/EF av 29. juni 2000 om kamp mot forseinka betaling i handelshøve)

må leggjast til grunn, men finn ingen grunn til å lovfeste dette uttrykkjeleg.

6.3.5.3 Spørsmål om dommen bør kunne ha utvida rettskraft

Som nemnt ovanfor er *Den norske Advokatforening* skeptisk til at dommen også skal vere bindande for kreditor dersom det dreier seg om eit konkret kontraktshøve. *Norges Autoriserte Regnskapsføreres Forening* er generelt skeptisk til at dommane i desse tilfella skal kunne ha utvida rettskraft.

Departementet er samd i at ein slik regel om utvida rettskraft skil seg frå det som er vanleg i norsk prosessrett. Departementet er likevel av den oppfatning at kravet i direktivet artikkel 3 nr. 5 neppe er oppfylt utan at dommen er bindande også for kreditor dersom det dreier seg om eit konkret kontraktshøve. Elles vil dommen kunne ha liten praktisk verknad.

Når det gjeld framlegget i ny § 4 a andre punktum om at retten etter påstand kan fastsetje at dommen skal gjelde for alle og einkvar som gjer bruk av

standardavtalen, peiker departementet på at domstolen ikkje har plikt til å gi dommen utvida rettskraft. Det er berre i dei tilfelle der saksøkjaren ønskjer dette, og retten finn at saka er godt nok opplyst for det, at det skal kunne skje, jf. nærare under merknaden til føresegna under punkt 10 nedanfor. Departementet er ikkje samd i at ein får same effekt ved bruk av «juridisk metode i kombinasjon med dommers rettsvirkninger i sin alminnelighet», som NARF uttrykkjer det.

Når det gjeld tilvisinga til avtalelova § 36 i framlegget til ny § 4 a er denne naudsynt fordi vurderinga av om vilkåra i standardavtalen om betalingstid eller følgjene av forseinka betaling vil måtte skje etter avtalelova § 36, som etter departementet sitt syn gjennomfører kravet i direktivet, jf. punkt 6.1. Vurderinga av om standardavtalen er urimeleg, kan altså ikkje skje direkte i medhald av direktivteksten.

På bakgrunn av drøftinga ovanfor under punkta 6.3.5.1 – 6.3.5.3, held departementet fast ved framlegget frå høyringsnotatet om ny § 4 a i forseinkingsrentelova.

7 Egedomsatterhald

7.1 Direktivet artikkel 4

Etter direktivet artikkel 4 skal statane innanfor EØS-området syte for at ein seljar bevarer egedomsretten til varer inntil kjøpesummen er fullt betalt, dersom egedomsatterhald er uttrykksleg avtalt mellom seljaren og kjøparen før vara er levert, og egedomsatterhaldet er gyldig etter det landet sine reglar som gjeld etter lovvalsreglane i den aktuelle staten, jf. artikkel 4 nr. 1 og fortalen punkt 21. Egedomsatterhald («retention of title») er i artikkel 2 nr. 3 definert som avtalevilkår som gjev seljaren egedomsretten til ei vare inntil kjøpesummen er betalt.

Kravet i artikkel 4 nr. 1 om at statane på dei nemnde vilkåra skal syte for at seljaren bevarer egedomsretten, inneber berre at statane skal anerkjenne som gyldig mellom partane ein avtale om egedomsatterhald, på dei vilkåra som gjeld etter retten i det landet som lovvalsreglane peiker ut. Kravet i artikkel 4 nr. 1 inneber ikkje at statane må fastsetje eller endre dei nasjonale reglane om når egedomsatterhald er gyldige. Dette går tydeleg fram av den engelske og danske språkversjonen av direktivet. Direktivet stiller heller ikkje krav om at egedomsatterhald inngått etter reglane i ein annen stat skal anerkjennast tingsrettsleg i høve til kjøparen sitt konkursbu eller andre tredjepersonar, jf. det svenske forslaget i Prop 2001/02:132 side 42.

I medhald av artikkel 4 nr. 2 skal statane kunne vedta eller oppretthalde reglar om delbetalingar som skuldnaren allereie har gjort.

7.2 Gjeldande rett

Avtalar om egedomsatterhald slik dette er definert i direktivet, vert etter norsk rett rekna for avtalar om salspant, jf. lov 8. februar 1980 nr. 2 om pant (pantelova) § 3–22 første ledd. For å få rettsvern må slike avtalar vere inngått seinast samtidig med at tingen vert overlevert til kjøparen, jf. § 3–17 andre

ledd første punktum. Det er òg rekna som eit vilkår for at avtalen er gyldig mellom partane, at han er inngått før salsgjenstanden er overlevert til kjøparen. Pantelova § 3–14 gir nærare reglar om kva for krav som kan sikrast ved salspant, og pantelova § 3–15 har reglar om kva for gjenstandar som ein kan ta salspant i.

I høve til norske lovvalsreglar vil ein panterett bli rekna som gyldig stifta mellom partane dersom avtalen om pantsetjing med omsyn til form og innhald er i samsvar med reglane i det landet der lausøyregjenstanden var då panteretten blei stifta. Det er mogleg at avtalen jamvel blir rekna for gyldig stifta dersom han er i samsvar med reglane i det landet sin rett som gjeld for kontraktstilhøvet elles (lex causae).

7.3 Høyringsnotatet

Departementet peika på side 24 i høyringsnotatet på at føremålet med direktivet artikkel 4 er at avtalar om egedomsatterhald skal bli rekna for gyldige mellom partane innanfor heile EØS-området, dersom dei er gyldige etter det landet sin rett som etter lovvalsreglane skal leggjast til grunn. Departementet uttalte vidare at det ikkje er naudsynt med endringar i norsk rett for å oppfylle direktivet sine krav.

7.4 Høyringsinstansane sitt syn og departementet sitt syn no

Ingen av høyringsinstansane har uttala seg om dette spørsmålet.

Departementet held difor fast ved at direktivet ikkje gjer det naudsynt med endringar i dei norske reglane om egedomsatterhald, og syner til det som vart sagt om dette i høyringsnotatet, jf. punkt 7.3 ovanfor.

8 Inndriving av uomtvista krav

8.1 Direktivet artikkel 5

Direktivet stiller krav om at kreditor normalt skal kunne få tvangsgrunnlag («enforceable title») innan 90 dagar etter at vedkomande har levert stemning eller oppmoding til retten eller anna kompetent styresmakt, jf. artikkel 5 nr. 1. I fristen på 90 dagar skal ein ikkje rekne den tida som går med til forkynning, jf. artikkel 5 nr. 3 bokstav a. Det same gjeld forseinkingar som kreditor er skuld i, for eksempel den tida som går med til å rette opp mangelfulle stemningar, jf. bokstav b. Retten skal gjelde i forhold til kvar ein kreditor som er etablert i ein EØS-stat, og skal gjelde uavhengig av storleiken på beløpet, så lenge gjelda eller forhold ved prosedyren («aspects of the procedure») ikkje er omtvista.

Med tvangsgrunnlag meiner ein alle former for avgjerder, dommar eller betalingspålegg frå ein domstol eller anna kompetent styresmakt, som set kreditor i stand til å innkrevje kravet ved tvangsfullføring, jf. artikkel 2 nr. 5. Det same gjeld dersom avgjerdene kan fullførast på eit førebels grunnlag – også om skuldnaren krev avgjerda overprøvd. Det er presisert i fortalen punkt 15 at direktivet ikkje tek sikte på å regulere prosedyrane for tvangsfullbyrding, og at det heller ikkje fastset noko om når tvangsfullbyrdinga kan stansast eller utsetjast. Etter artikkel 5 nr. 2 må dei same vilkåra gjelde for alle kreditorar som er etablert i EØS-området.

Reglane i direktivet er heller ikkje meint å gripe inn i reglane i Brussel-konvensjonen om domstolane sin kompetanse og om fullbyrding av rettsavgjerder i sivile saker, mellom anna handelssaker, jf. artikkel 5 nr. 4. Brussel-konvensjonen sine reglar svarar elles til reglane i Lugano-konvensjonen (Konvensjon 16. september 1988 om domsmyndighet og fullbyrding av dommar i sivile og kommersielle saker), som Noreg er part i.

8.2 Gjeldande rett

Tvangsfullbyrdingslova § 4–1 andre ledd reknar opp dei alminnelege tvangsgrunnlaga, mellom anna «dom eller kjennelse av en norsk domstol», jf. bokstav a. Paragraf 4–1 tredje ledd definerer særskilte tvangsgrunnlag som tvangsgrunnlag nemnt i ein-

skilde andre paragrafar i tvangsfullbyrdingslova. Til dømes er eksigible gjeldsbrev tvangsgrunnlag for utlegg, jf. § 7–2 bokstav a, medan avtale om salspant på visse vilkår er tvangsgrunnlag for tilbakelevering av lausøyre, jf. § 9–2.

Kor lang tid det tek å oppnå tvangsgrunnlag varierer. Men når det gjeld inndriving av uimotsagte krav som skuldnaren ikkje vil gjere opp frivillig, kan fordringshavaren, i fall han ikkje har særleg tvangsgrunnlag, reise sak for forliksrådet, jf. tvistemålslova kapittel 21. Når skuldnaren godtek hovudkravet, noko som er ein føresetnad etter direktivet artikkel 5, kan kreditor krevje dom i forliksrådet, jf. § 288 a, jf. § 1 første ledd nr. 2. Og om skuldnaren ikkje møter, kan fordringshavaren normalt krevje fråverdom, jf. § 289.

8.3 Departementet sitt syn i høyringsnotatet

Departementet meinte at norsk rett oppfyller krava i direktivet artikkel 5, og grunn gav dette slik, jf. høyringsnotatet side 25:

«Å oppnå dom i forliksrådet går vanlegvis raskare enn 90 dagar. Dom i forliksrådet er som nemnt ovanfor tvangsgrunnlag. Det er utrykkjelig presisert i direktivet artikkel 5 nr. 1 at kravet om å oppnå tvangsgrunnlag innan 90 dagar berre gjeld i normaltiffella. Det vil såleis ikkje vere noko brot på direktivet at det i særskilte tilfelle tek lenger tid enn 90 dagar å oppnå tvangsgrunnlag.

Etter norsk rett vil dei same reglane gjelde for alle kreditorane som er etablert i EØS-området og som vil oppnå tvangsgrunnlag.»

8.4 Høyringsinstansane sitt syn og departementet sitt syn no

Den norske Advokatforening uttaler:

«Departementet legger under pkt. 8.2 til grunn at det vanligvis går raskere enn 90 dagar å oppnå dom i Forliksrådet. Dette vil variere geografisk. I Oslo kan det neppe karakteriseres som

Om lov om endringar i lov 17. desember 1976 nr. 100 om renter ved forsinket betaling m.m.
(gjennomføring av direktiv 2000/35/EF av 29. juni 2000 om kamp mot forseinka betaling i handelshøve)

noe unntak at behandlingstiden overstiger 90 dager.

Departementet bes vurdere hvorledes en normal behandlingstid på under 90 dager kan oppnås.»

Sjølv om det i ein del tilfelle tek lengre enn 90 dagar å få dom i Forlikrådet i Oslo, meiner departementet at den generelle situasjonen ein har i Noreg tilfredsstiller krava i direktivet. Departementet held difor fast ved at artikkel 5 i direktivet ikkje gjer det naudsynt med endringar i norsk rett.

Om lov om endringar i lov 17. desember 1976 nr. 100 om renter ved forsinket betaling m.m.
(gjennomføring av direktiv 2000/35/EF av 29. juni 2000 om kamp mot forseinka betaling i handelshøve)

9 Økonomiske og administrative konsekvensar

Som nemnt ovanfor krev direktivet berre mindre endringar i norsk rett.

Forslaget om å endre fristen for når ein skal betale forseinkingsrenter frå ein månad til 30 dagar, synest å ha få eller ingen praktiske økonomiske eller administrative konsekvensar.

Forslaget om at forseinkingsrentesatsen skal fastsetjast to gongar i året i tråd med reglane i direktivet, vil medføre noko, men ikkje nemnande, meirarbeid for Finansdepartementet, som fastset rentesatsen.

For verksemdene vil det medføre at dei må halde seg oppdatert på den nye rentesatsen oftare enn no. Det kan òg tenkjast at ein oftare må endre standardoppsett på faktura og liknande. I høyringsnotatet uttalte departementet at ut frå den kunnskapen det sat inne med då «er det enkelt å gjere slike endringar ved hjelp av dei vanlege fakturaprogramma som er på marknaden i dag. Det er difor ikkje grunn til å tru at hyppigare endring av forseinkingsrentesatsen vil påføre verksemdane nemneverdig meirbelastning verken økonomisk eller administrativt.»

I høyringsrunda har *Nærings- og handelsdepartementet* peika på at ca. 90% av norske registrerte verksemdar har under 5 tilsette, og at det særleg for slike små verksemdar vil kunne føre med seg ein meirkostnad å halde seg oppdatert på den nye rentesatsen.

Også *Handels- og Servicenæringens Hovedorganisasjon* har peika på at ei hyppigare endring i forseinkingsrenta vil kunne skape problem for mindre kravshavarar:

«Særleg for mindre kreditorer vil en overgang til hyppigere endringer i forsinkelsesrenten kunne skape problemer. Det er nevnt i høyringsnotatet at disse normalt vil ha faktureringsprogrammer som kan takle dette praktisk. Endringer er likevel betinget av at den nye renten legges inn i programmet. Det er derfor viktig at man finner frem til en ordning slik at det er enkelt for kreditorene å følge med i de endringene som foretas.»

Toll- og avgiftsdirektoratet peiker på at dei i ein overgangsfase vil få problem med sin teknologi:

«Endringane som er knytt til fastsetjinga av forseinkingsrenta vil medføre at det må brukast

ulik rentesats for ulike periodar innan same rentekrav. Ei slik differensiering av rentesatsen vil ikkje kunne handterast systemmessig i Tollvesenet sitt regnskapssystem (Agresso) og Tollvesenet sin reskontro for krav på toll og avgifter ved innføring og utføring av varer (TVINN Innkreving) per i dag.

Før Tollvesenet kan rekna renter i samsvar med framlegget til endringar i forseinkingsrentelova, må rutinen for renterekning i Agresso endrast gjennom eigen tilpassing frå leverandør samt at det må gjerast ei databasendring og ei programendring i TVINN Innkreving.

Om endringane i høyringsnotat vert vedtekne, er det naudsynt å setje av tilstrekkeleg tid før endringane trer i kraft. Tollvesenet treng tid til høvesvis eigen utvikling og leveranse frå eksterne leverandør, samt testing og implementering av dei systemmessige endringane. Om det vert avsett for kort tid, vil vi kunne havne i ein situasjon kor systema ikkje handterer gjeldande regelverk. Konsekvensen av dette vil til dømes kunne bli at utskrivning av rentekrav må utsetjast til dei systemmessige endringane er på plass.»

Forpliktinga som følgjer av at direktivet er innarbeidd i EØS-avtalen, gjer det umogeleg å utsetje ikraftsetjingstidspunktet. Som fråsegna frå Toll- og avgiftsdirektoratet viser, vil truleg enkelte verksemdar måtte oppgradere teknologien slik at denne kan handtere hyppigare skifte av forseinkingsrentesatsen. Dette vil naturleg nok koste noko, men Toll- og avgiftsdirektoratet har ikkje sagt at det vil vere særleg kostnadskrevjande. Ingen andre høyringsinstansar har hatt merknader til dette. Departementet legg difor til grunn at oppgradering av teknologi for dei fleste ikkje vil vere særleg kostnadskrevjande.

Departementet ser også at det særleg for mindre verksemdar kan medføre ein viss meirkostnad å halde seg oppdatert på endringar i forseinkingsrentesatsen. Dersom ein finn gode rutinar for kunngjering av rentesatsen, noko som vil bli tatt opp med Finansdepartementet som vil ha ansvaret for kunngjeringa, kan departementet vanskeleg sjå føre seg at denne meirkostnaden skal bli særleg stor. Departementet meiner difor det framleis er forsvarleg å seie at hyppigare endring av forseinkingsrentesatsen ikkje vil påføre verksemdene ei økonomisk eller administrativ meirbelastning som er å

Om lov om endringar i lov 17. desember 1976 nr. 100 om renter ved forsinket betaling m.m.
(gjennomføring av direktiv 2000/35/EF av 29. juni 2000 om kamp mot forseinka betaling i handelshøve)

rekne med. Departementet legg til at slike verkna-
der vil vere ei følgje av forplikingane etter EØS-av-
talen, og at dei råkar verksemder i andre EØS-sta-
ter like mykje som i Noreg.

Noko anna er at forseinkingsrentesatsen kan bli
høgare enn den er no. Dette vil den alltid bli der-
som Noregs Bank si pengepolitiske styringsrente
er høgare enn fem prosent, i og med at rentesatsen
alltid skal vere referanserenta pluss minst sju pro-
sent, jf. punkt 4.3 ovanfor. Ein auke av rentesatsen
vil vere ein føremon for kreditorar, men ei ulempe
for debitorar. Dersom forseinkingsrentesatsen blir
vesentleg høgare enn i dag, kan ein difor ikkje sjå
vekk frå at enkelte verksemder som er skuldnarar,
vil få ei auka økonomisk belastning.

Forslaget om at organisasjonar som represente-
rer verksemder skal kunne gå til søksmål for å prø-
ve kor vidt standardavtalar om betalingstid eller
konsekvensane av forseinka betaling er urimelige
for kreditor, kan tenkjast å føre til at det blir nokre
fleire saker for domstolane. Dersom det skulle bli
mange slike søksmål, vil det kunne bli eit auka
trykk på domstolane, men det er etter departemen-
tet sitt syn liten grunn til å tru at så vil skje.

Samla reknar departementet med at endrings-
forslaga ikkje vil ha monalege økonomiske eller ad-
ministrative konsekvensar.

Om lov om endringer i lov 17. desember 1976 nr. 100 om renter ved forsinket betaling m.m. (gjennomføring av direktiv 2000/35/EF av 29. juni 2000 om kamp mot forseinka betaling i handelshøve)

10 Merknader til lovutkastet

10.1 Merknader til endringer i forseinkingsrentelova

Til § 2

Tidsrommet for når ein skal byrje rekne forseinkingsrenter ved påkrav i *første ledd andre punktum* vert endra frå ein månad til 30 dagar. Bakgrunnen for endringa er å tilpasse norsk rett til direktivet om forseinka betaling artikkel 3 nr. 1 bokstav b alternativ i), og er nærare omtalt ovanfor under punkt 4.1.

Til § 3

Måten å fastsetje forseinkingsrentesatsen på i *første ledd første punktum* vert endra for å tilpasse norsk rett til direktivet om forseinka betaling artikkel 3 nr. 1 bokstav d. Kompetansen til å fastsetje rentesatsen vert delegert til departementet. Dette gjeld også kompetansen etter *første ledd andre punktum*. Bakgrunnen for endringa er nærare omtalt ovanfor under punkt 4.3.

Til ny § 4 a

Bakgrunnen for føresegna er å tilpasse norsk rett til direktivet om forseinka betaling artikkel 3 nr. 5, jf. nr. 3. Føresegna er nærare omtalt ovanfor under punkt 6.3.

Første punktum skipar til ein rett for organisasjonar som representerer små eller mellomstore verksemdar til å gå til søksmål for å få prøvd om ein standardavtale – eller vilkår i han – om betalingstid og følgjene av forseinka betaling vil verke urimeleg overfor kreditor, jf. avtalelova § 36. Ein organisasjon kan nytte denne søksmålsretten sjølv om han ikkje berre representerer små og/eller mellomstore verksemdar. Retten gjeld for alle organisasjonar som kan seiast å vere ein naturleg representant for desse verksemdene. Ved vurderinga lyt ein byggje på same moment som er lagt til grunn i rettspraksis når det gjeld søksmålsretten for organisasjonar i sa-

ker som ikkje gjeld rettshøve dei sjølv er part i. Viktig vil det vere om det ligg innanfor organisasjonen sitt føremål å ivareta verksemdene sine økonomiske interesser.

Første punktum inneber også at ein dom vil vere bindande for partane i saka (organisasjonen som saksøker og den organisasjon eller part i det konkrete kontraktshøvet som er saksøkt) og dessutan for kreditor i det konkrete kontraktshøvet dersom saka knyter seg til eit bestemt kontraktshøve. Etter *andre punktum* kan retten dessutan fastsetje – etter påstand frå ein av partane i saka – at dommen skal ha utvida rettskraft, dvs. at den vil vere bindande for alle som vil nytte standardavtalen, anten dei er skuldnarar eller kreditorar. Får saksøkjaren medhald, kan dommen etter påstand gå ut på forbod mot å nytte standardavtalen eller dei ugyldige vilkåra innanfor heile eller ein del av verkeområdet for avtalen.

10.2 Til lovforslaget del II

Fristen som EFTA/EØS-landene har til å gjennomføre direktivet, er 31. desember 2003. Departementet gjer difor framlegg om at lova skal tre i kraft 1. januar 2004.

Justis- og politidepartementet

t i l r å r :

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om lov om endringer i lov 17. desember 1976 nr. 100 om renter ved forsinket betaling m.m. (gjennomføring av direktiv 2000/35/EF av 29. juni 2000 om kamp mot forseinka betaling i handelshøve).

Om lov om endringar i lov 17. desember 1976 nr. 100 om renter ved forsinket betaling m.m.
(gjennomføring av direktiv 2000/35/EF av 29. juni 2000 om kamp mot forseinka betaling i handelshøve)

Vi HARALD, Noregs Konge,

s t a d f e s t e r :

Stortinget blir bedt om å gjere vedtak til lov om endringar i lov 17. desember 1976 nr. 100 om renter ved forsinket betaling m.m. (gjennomføring av direktiv 2000/35/EF av 29. juni 2000 om kamp mot forseinka betaling i handelshøve) i samsvar med eit vedlagt forslag.

Om lov om endringer i lov 17. desember 1976 nr. 100 om renter ved forsinket betaling m.m. (gjennomføring av direktiv 2000/35/EF av 29. juni 2000 om kamp mot forseinka betaling i handelshøve)

Forslag

til lov om endringer i lov 17. desember 1976 nr. 100 om renter ved forsinket betaling m.m. (gjennomføring av direktiv 2000/35/EF av 29. juni 2000 om kamp mot forseinka betaling i handelshøve)

I

I lov 17. desember 1976 nr. 100 om renter ved forsinket betaling m.m. skal det gjerast følgjande endringar:

§ 2 første ledd andre punktum skal lyde:

Renten løper fra forfallsdag når denne er fastsatt i forveien, og ellers fra 30 dager etter at fordringshaveren har sendt skyldneren skriftlig påkrav med oppfordring om å betale.

§ 3 første ledd første og andre punktum skal lyde:

Departementet fastsetter hvert halvår størrelsen av forsinkelsesrenten til en fast prosent årlig rente, som skal svare til den pengepolitiske styringsrenten slik denne er fastsatt av Norges Bank per 1. januar og 1. juli det aktuelle år tillagt minst sju prosentpoeng.

For skyldnere som er skyldner i egenskap av forbruker, kan *departementet* fastsette en lavere forsinkelsesrente.

Ny § 4 a skal lyde:

§ 4 a. Særlige regler om håndheving av urimelige standardavtaler i næringsforhold

En organisasjon som representerer små eller mellomstore næringsvirksomheter, kan reise søksmål for å få prøvd om vilkår i standardavtaler om betalings- tid eller følgene av forsinket betaling vil virke urime- lig overfor kreditor, jf. avtaleloven § 36. Retten kan etter påstand fastsette at en dom i saken skal gjelde for alle og enhver som gjør bruk av standardavtalen.

II

Lova trer i kraft 1. januar 2004.

Vedlegg 1

Europaparlaments- og rådsdirektiv 2000/35/EF av 29. juni 2000 om bekjempelse av forsinket betaling ved handelstransaksjoner

EUROPAPARLAMENTET OG RÅDET FOR DEN EUROPEISKE UNION HAR —

under henvisning til traktaten om opprettelse av Det europeiske fellesskap, særlig artikkel 95, under henvisning til forslag fra Kommisjonen¹, under henvisning til uttalelse fra Den økonomiske og sosiale komité², etter framgangsmåten fastsatt i traktatens artikkel 251³, på grunnlag av Forlikskomiteens felles forslag av 4. mai 2000, og

ut fra følgende betraktninger:

1. I sin resolusjon om det integrerte programmet for små og mellomstore bedrifter og håndverkssektoren⁴ oppfordret Europaparlamentet Kommisjonen til å framlegge forslag til behandling av problemet med forsinket betaling.
2. Kommisjonen vedtok 12. mai 1995 en rekommendasjon om betalingsperioder ved handelstransaksjoner⁵.
3. I Europaparlamentets resolusjon om kommisjonsrekommendasjonen om betalingsperioder ved handelstransaksjoner⁶ ble Kommisjonen oppfordret til å vurdere å forandre rekommendasjonen til et forslag til rådsdirektiv for framleggelse så snart som mulig.
4. Den økonomiske og sosiale komité vedtok 29. mai 1997 en uttalelse om Kommisjonens grønnbok om offentlige innkjøp i Den europeiske union: Betraktninger om fremtiden⁷.
5. Kommisjonen offentliggjorde 4. juni 1997 en handlingsplan for det felles marked, der det ble understreket at forsinket betaling i økende grad er til hinder for et velfungerende felles marked.

6. Kommisjonen offentliggjorde 17. juli 1997 en rapport om forsinket betaling ved handelstransaksjoner⁸, med et sammendrag av resultatene fra en evaluering av virkningene av kommisjonsrekommendasjonen av 12. mai 1995.
7. Foretakene, særlig små og mellomstore bedrifter, pålegges tunge administrative og økonomiske byrder som følge av overdrevent lange betalingsperioder og forsinket betaling. Disse problemene utgjør dessuten en av hovedårsakene til insolvens, som truer foretaks eksistens og fører til at mange arbeidsplasser går tapt.
8. I visse medlemsstater avviker avtalefestede betalingsperioder betraktelig fra gjennomsnittet i Fellesskapet.
9. Ulikhetene som eksisterer mellom medlemsstatene med hensyn til regler og praksis for betaling, er til hinder for at det indre marked kan fungere tilfredsstillende.
10. Dette har den virkning at handelstransaksjoner mellom medlemsstatene begrenses betraktelig. Dette er i strid med traktatens artikkel 14, idet entreprenører skal kunne drive handel i hele det indre marked på vilkår som sikrer at transaksjoner over landegrensene ikke medfører større risiko enn innenlandsk salg. Det ville oppstå konkurransevridning dersom det fantes vesentlig forskjellige bestemmelser for innenlandske transaksjoner for transaksjoner over landegrensene.
11. De siste statistikkene viser at det i mange medlemsstater i beste fall ikke har skjedd noen bedring med hensyn til forsinket betaling etter at rekommendasjonen av 12. mai 1995 ble vedtatt.
12. Målet om å bekjempe forsinket betaling i det indre marked kan ikke i tilstrekkelig grad nås av medlemsstatene hver for seg, og kan derfor bedre nås på fellesskapsplan. Dette direktiv går ikke lenger enn det som er nødvendig for å nå dette mål. Dette direktiv oppfyller dermed i sin helhet kravene som følger av nærhets- og for-

¹ EFT C 168 av 3.6.1998, s. 13, og EFT C 374 av 3.12.1998, s. 4.

² EFT C 407 av 28.12.1998, s. 50.

³ Europaparlamentsuttalelse av 17. september 1998 (EFT C 313 av 12.10.1998, s. 142), Rådets felles holdning av 29. juli 1999 (EFT C 284 av 6.10.1999, s. 1) og europaparlamentsbeslutning av 16. desember 1999 (ennå ikke offentliggjort i EFT), europaparlamentsbeslutning av 15. juni 2000 og rådsbeslutning av 18. mai 2000.

⁴ EFT C 323 av 21.11.1994, s. 19.

⁵ EFT L 127 av 10.6.1995, s. 19.

⁶ EFT C 211 av 22.7.1996, s. 43.

⁷ EFT C 287 av 22.9.1997, s. 92.

⁸ EFT C 216 av 17.7.1997, s. 10.

Om lov om endringer i lov 17. desember 1976 nr. 100 om renter ved forsinket betaling m.m.
(gjennomføring av direktiv 2000/35/EF av 29. juni 2000 om kamp mot forseinket betaling i handelshøve)

- holdsmessighetsprinsippet, som uttrykt i EF-traktatens artikkel 5.
13. Virkeområdet for dette direktiv bør begrenses til å gjelde betalinger foretatt som vederlag for handelstransaksjoner, og skal ikke regulere transaksjoner foretatt med forbrukerne, renter i forbindelse med annen betaling som betaling i henhold til lovgivning om bruk av sjekker og vekslere, erstatningsutbetalinger, herunder betalinger foretatt av forsikringsforetak.
 14. Det faktum at de frie yrker omfattes av dette direktiv, betyr ikke at medlemsstatene må behandle dem som foretak eller forretningsdrivende for formål som ikke omfattes av dette direktiv.
 15. Dette direktiv definerer bare begrepet «tvangsgrunnlag», men regulerer ikke de ulike framgangsmåtene for tvangsfullbyrdelse av et slikt tvangsgrunnlag eller på hvilke vilkår tvangsfullbyrdelse av et slikt grunnlag kan stanses eller utsettes.
 16. Forsinket betaling utgjør et avtalebrudd, og har i de fleste medlemsstater vært økonomisk fordelaktig for skyldnere på grunn av lave forsinkelsesrenter og/eller langsomme framgangsmåter for inndrivning. Det er nødvendig med betydelige endringer, herunder erstatning til fordringshaverne for påløpte kostnader, for å snu denne utviklingen og sikre at konsekvensene ved forsinket betaling er av en slik art at de motvirker forsinket betaling.
 17. Rimelig erstatning for kostnadene ved inndrivning må vurderes, uten at det berører nasjonale bestemmelser som gir en nasjonal dommermyndighet til å tilkjenne fordringshaver erstatning for andre tap forårsaket av skyldners forsinkede betaling, idet det også må tas hensyn til at påløpte kostnader kan være dekket gjennom forsinkelsesrenten.
 18. I dette direktiv omhandles også spørsmålet om lange avtalefestede betalingsperioder, og særlig visse avtalekategorier der lengre betalingsperioder i kombinasjon med begrenset avtalefrihet eller med høyere rentesatser kan rettfærdiggjøres.
 19. Dette direktiv bør forhindre at avtalefriheten misbrukes til skade for fordringshaver. Dersom en avtale hovedsakelig tjener det formål at skyldneren gis ytterligere likviditet på fordringshavers bekostning, eller dersom hovedleverandøren pålegger sine leverandører og underleverandører betalingsvilkår som ikke kan rettfærdiggjøres på grunnlag av de betalingsvilkår som gjelder for hovedleverandøren selv, kan nevnte forhold anses som faktorer som utgjør et slikt misbruk. Dette direktiv berører ikke nasjonale bestemmelser om former for avtaleinngåelse, eller som regulerer gyldigheten av avtalevilkår som er urettferdige for skyldneren.
 20. Konsekvensene ved forsinket betaling vil virke avskrekkende bare dersom de er kombinert med raske og effektive rettslige framgangsmåter for fordringshaveren. I samsvar med prinsippet om likebehandling i traktatens artikkel 12 skal slike framgangsmåter være tilgjengelige for alle fordringshavere som er etablert i Fellesskapet.
 21. Det er ønskelig å sikre at fordringshavere skal kunne gjøre gjeldende eiendomsforbehold på et likebehandlingsgrunnlag i hele Fellesskapet, dersom bestemmelsen om eiendomsforbehold er gyldig i henhold til de nasjonale bestemmelser som gis anvendelse i henhold til internasjonal privatrett.
 22. Dette direktiv bør regulere alle handelstransaksjoner, uansett om de finner sted mellom private eller offentlige foretak eller mellom foretak og offentlige myndigheter, med henblikk på det faktum at sistnevnte foretar en stor del av betalingene til foretakene. Direktivet skal derfor også regulere alle handelstransaksjoner mellom hovedleverandører og deres leverandører og underleverandører.
 23. Artikkel 5 i dette direktiv krever at ubestridte krav skal inndrives i løpet av kort tid i samsvar med nasjonal lovgivning, men det kreves ikke at medlemsstatene vedtar noen bestemt framgangsmåte eller at de endrer sine eksisterende rettslige tiltak på noen bestemt måte —

VEDTATT DETTE DIREKTIV:

Artikkel 1

Virkeområde

Dette direktiv får anvendelse på alle betalinger som gjøres som vederlag for handelstransaksjoner.

Artikkel 2

Definisjoner

I dette direktiv menes med

1. «handelstransaksjon», enhver transaksjon mellom foretak eller mellom foretak og offentlige myndigheter som fører til levering av varer eller yting av tjenester mot vederlag, «offentlig myndighet», enhver offentlig oppdragsgiver eller enhet som definert i direktive-

Om lov om endringer i lov 17. desember 1976 nr. 100 om renter ved forsinket betaling m.m.
(gjennomføring av direktiv 2000/35/EF av 29. juni 2000 om kamp mot forseinket betaling i handelshøve)

- ne om offentlig innkjøp (92/50/EØF⁹, 93/36/EØF¹⁰, 93/37/EØF¹¹ og 93/38/EØF¹², «foretak», enhver organisasjon som handler innenfor rammen av sin egen uavhengige yrkesmessige eller økonomiske virksomhet, også når virksomheten utøves av én enkelt person,
2. «forsinket betaling», enhver overskridelse av frister, avtalefestede eller lovfestede, som gjelder betaling,
 3. «eiendomsforbehold», en kontraktmessig avtale etter hvilken selgeren beholder eiendomsretten til varen inntil kjøpesummen er betalt i sin helhet,
 4. «rentesats som anvendes av Den europeiske sentralbank ved dens viktigste refinansieringstransaksjoner», den rentesats som anvendes ved slike transaksjoner i forbindelse med anbudsinnbydelse til fast rente. Dersom en vesentlig refinansieringstransaksjon er foretatt etter en anbudsprosedyre med variabel rente, skal denne rentesatsen vise til marginalrentesatsen som er resultatet av anbudsinnbydelsen. Dette gjelder både for anbuds konkurranser med fast rentesats og med variabel rentesats,
 5. «tvangsgrunnlag», enhver avgjørelse, dom eller pålegg om betaling utsettdt av en domstol eller annen vedkommende myndighet, enten om omgående betaling eller delbetaling, som gir fordringshaver mulighet til å få kravet mot skyldner innkrevd ved tvangsfullbyrdelse. Tvangsgrunnlaget skal omfatte avgjørelser, dommer eller et pålegg om betaling som kan fullbyrdes på et foreløpig grunnlag selv om skyldneren anker avgjørelsen.
- ii. dersom det er usikkert når skyldneren mottar fakturaen eller et annet betalingskrav, 30 dager etter at varene eller tjenestene mottas,
 - iii. dersom skyldneren mottar fakturaen eller tilsvarende betalingskrav før varene eller tjenestene mottas, 30 dager etter at varene eller tjenestene mottas, eller
 - iv. dersom det i avtalen eller ved lov er fastsatt en framgangsmåte for godkjenning eller kontroll som gjør det mulig å bekrefte at varene eller tjenestene er i samsvar med avtalen, og dersom skyldneren mottar fakturaen eller tilsvarende betalingskrav før eller på samme dato som slik godkjenning eller bekreftelse finner sted, 30 dager etter denne sistnevnte datoen,
- c) fordringshaveren skal ha rett til å kreve forsinkelsesrente i den utstrekning vedkommende
 - i. har oppfylt sine avtale- og lovfestede forpliktelser, og
 - ii. ikke har mottatt det utestående beløp ved forfall, med mindre skyldneren ikke er ansvarlig for forsinkelsen,
 - d) rentesatsen for forsinkelsesrenter (den «lovfestede rentesatsen») som skyldneren skal betale, skal tilsvare summen av den rentesats som anvendes av Den europeiske sentralbank ved den seneste viktige refinansieringstransaksjon banken foretok før første kalenderdag i det aktuelle halvår («referanserenten»), pluss minst sju prosentpoeng («marginen»), med mindre noe annet er fastsatt i avtalen. For en medlemsstat som ikke deltar i tredje fase av Den økonomiske og monetære union, skal ovennevnte referanserentesats over være den tilsvarende satsen som fastsettes av den nasjonale sentralbank. I begge tilfeller skal referanserentesatsen som gjelder den første kalenderdag i det aktuelle halvår, anvendes i de påfølgende seks måneder.

Artikkel 3

Renter ved forsinket betaling

1. Medlemsstatene skal sikre følgende:
 - a) renter som nevnt i bokstav d) skal betales fra og med dagen etter betalingsdagen eller etter utløpet av betalingsperioden fastsatt i avtalen,
 - b) dersom betalingsdagen eller betalingsperioden ikke er fastsatt i avtalen, skal rentene automatisk betales, uten at purring er nødvendig:
 - i. 30 dager etter datoen da skyldneren mottar fakturaen eller tilsvarende betalingskrav, eller

⁹ EFT L 209 av 24.7.1992, s. 1.

¹⁰ EFT L 199 av 9.8.1993, s. 1.

¹¹ EFT L 199 av 9.8.1993, s. 54.

¹² EFT L 199 av 9.8.1993, s. 84.

Om lov om endringer i lov 17. desember 1976 nr. 100 om renter ved forsinket betaling m.m.
(gjennomføring av direktiv 2000/35/EF av 29. juni 2000 om kamp mot forseinket betaling i handelshøve)

hensyn til inndrivelseskostnader for forskjellige nivåer av gjeld.

2. For visse avtale typer som bestemmes av nasjonal lovgivning, kan medlemsstatene fastsette fristen etter hvis utløp rente skal betales, til høyst 60 dager, forutsatt at de forbyr avtalepartene å overskride denne fristen, eller fastsetter en obligatorisk rentesats som er vesentlig høyere enn den lovfestede rentesatsen.
3. Medlemsstatene skal fastsette at en avtale om betalingsdag eller om følgene av forsinket betaling som ikke er i samsvar med bestemmelsene i nr. 1 bokstav b)–d) og nr. 2, enten ikke skal være bindende, eller at den kan gi grunnlag for et erstatningskrav dersom avtalen, alle sakens omstendigheter tatt i betraktning, herunder god handelspraksis og produktets art, klart er urimelig for fordringshaveren. Når det skal tas stilling til hvorvidt en avtale er klart urimelig for fordringshaveren, skal det blant annet tas hensyn til om skyldneren har objektive grunner til å fravike bestemmelsene i nr. 1 bokstav b)–d) og nr. 2. Dersom en slik avtale anses som åpenbart urimelig, skal de lovfestede vilkårene gjelde, med mindre nasjonale domstoler fastsetter andre, rimelige vilkår.
4. Medlemsstatene skal sørge for at det i fordringshavernes og konkurrentenes interesse finnes egnede og virkningsfulle midler for å stanse fortsatt bruk av vilkår som er klart urimelige i henhold til nr. 3.
5. Midlene omtalt i nr. 4 skal omfatte bestemmelser som gir organisasjoner som har eller som er offisielt anerkjent som å ha en rettmessig interesse i å representere små og mellomstore bedrifter, adgang etter vedkommende nasjonale lovgivning til å framlegge en sak for domstolene eller for vedkommende forvaltningsmyndighet på det grunnlag at standardavtalevilkår er klart urimelige i henhold til nr. 3, slik at de kan anvende egnede og virkningsfulle midler for å stanse fortsatt bruk av slike vilkår.

Artikkel 4

Eiendomsforbehold

1. Medlemsstatene skal sørge for, i samsvar med gjeldende nasjonale bestemmelser i henhold til internasjonal privatrett, at selgeren beholder eiendomsretten til varene inntil de er betalt i sin helhet, såfremt en bestemmelse om eiendomsforbehold er uttrykkelig avtalt mellom kjøperen og selgeren før overlevering av varene.
2. Medlemsstatene kan vedta eller beholde be-

stemmelser om delbetalinger som skyldneren allerede har betalt.

Artikkel 5

Framgangsmåter for inndrivelse ved ubestridte krav

1. Medlemsstatene skal sikre at et tvangsgrunnlag vanligvis kan oppnås innen 90 kalenderdager etter at fordringshaverens inngivelse av stevning eller anmodning om rettsbehandling for en domstol eller annen vedkommende myndighet, uansett gjeldsbeløpets størrelse, forutsatt at ikke gjelden eller aspekter ved framgangsmåten bestrides. Medlemsstatene skal oppfylle denne forpliktelse i samsvar med sine respektive nasjonale lover og forskrifter.
2. De respektive nasjonale lover og forskrifter skal anvendes på samme vilkår for alle fordringshavere etablert i Det europeiske fellesskap.
3. Ved beregningen av perioden på 90 kalenderdager nevnt i nr. 1 skal følgende ikke inngå:
 - a) frister for forkynnelse av dokumenter,
 - b) eventuelle forsinkelser forårsaket av fordringshaveren, for eksempel tid som kreves for å beriktige anmodninger.
4. Bestemmelsene i denne artikkel berører ikke bestemmelsene i Brussel-konvensjonen om domsmyndighet og fullbyrding av dommer i sivile og kommersielle saker¹³.

Artikkel 6

Innarbeiding i nasjonal lovgivning

1. Medlemsstatene skal innen 8. august 2002 sette i kraft de lover og forskrifter som er nødvendige for å etterkomme dette direktiv. De skal umiddelbart underrette Kommisjonen om dette. Disse bestemmelsene skal, når de vedtas av medlemsstatene, inneholde en henvisning til dette direktiv, eller det skal vises til direktivet når de kunngjøres. Nærmere regler for henvisningen fastsettes av medlemsstatene.
2. Medlemsstatene kan opprettholde eller vedta bestemmelser som er gunstigere for fordringshaveren enn de som er nødvendige for å etterkomme dette direktiv.
3. Ved innarbeiding av dette direktiv i nasjonal lovgivning kan medlemsstatene utelukke
 - a) gjeld som er gjenstand for insolvensbehandling innledet mot skyldneren,
 - b) avtaler som er inngått før 8. august 2002, og
 - c) rentekrav på beløp under fem euro.

¹³ EFT C 27 av 26.1.1998, s. 3 (konsolidert utgave).

Om lov om endringer i lov 17. desember 1976 nr. 100 om renter ved forsinket betaling m.m.
(gjennomføring av direktiv 2000/35/EF av 29. juni 2000 om kamp mot forseinkta betaling i handelshøve)

4. Medlemsstatene skal oversende Kommissjonen teksten til de viktigste internrettslige bestemmelser som de vedtar på det området dette direktiv omhandler.
5. To år etter 8. august 2002 skal Kommissjonen foreta en undersøkelse om blant annet den lovfestede rentesatsen, avtalefestede betalingsfrister og forsinket betaling for å vurdere virkningen på handelstransaksjoner og hvordan regelverket virker i praksis. Resultatene av denne og andre undersøkelser skal meddeles Europaparlamentet og Rådet, og skal om nødvendig vedlegges forslag til forbedring av dette direktiv.

Artikkel 7

Ikrafttredelse

Dette direktiv trer i kraft den dag det kunngjøres i *De Europeiske Fellesskaps Tidende*.

Artikkel 8

Adressater

Dette direktiv er rettet til medlemsstatene.

Utferdiget i Luxembourg, 29. juni 2000.

For Europaparlamentet

N. FONTAINE

President

For Rådet

M. MARQUES DA COSTA

Formann

